


# **NYTT OM NAMN**

Meldingsblad for  
**Norsk namnelag**



Med rapport fra konferansen  
«Norsk namnegransking i krise?»  
Oslo 23. november 2012

Redaksjon:  
Botolv Helleland (ansv.) ([botolv.helleland@iln.uio.no](mailto:botolv.helleland@iln.uio.no))  
Gudmund Harildstad ([gudmund.harildstad@iln.uio.no](mailto:gudmund.harildstad@iln.uio.no))  
Vidar Haslum ([vidar.haslum@uis.no](mailto:vidar.haslum@uis.no))

Redaksjonssekretær:  
Klaus Johan Myrvoll ([k.j.myrvoll@iln.uio.no](mailto:k.j.myrvoll@iln.uio.no))

Utgjevar:  
Institutt for lingvistiske og nordiske studium / Namnegransking  
Universitetet i Oslo

Nr. 56 – 2012

Redaksjonen vart slutførd 15. februar 2013

*Adresser m.m.*

Nettstaden til Norsk namnelag er [www.norsknamnelag.no](http://www.norsknamnelag.no).

Norsk namnelag, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium,  
Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen. Bankgiro:  
6501.41.08704. Kontingensten er 200 kroner for året og inkluderer *Namn og Nemne* og *Nytt om namn*.

Tidsskriftet *Namn og Nemne*, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske  
studium, Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen.  
Tlf. 55 58 24 06.

Meldingsbladet *Nytt om namn*, Institutt for lingvistiske og nordiske  
studium, Universitetet i Oslo, Postboks 1102 Blindern, 0317 Oslo.  
Tlf. 22 85 43 78.

Artiklane i *Nytt om namn* kan etter ei bindingstid på to år leggjast ut på  
heimesida til Norsk namnelag. Eventuell reservasjon må meldast til  
redaksjonen.

## INNHOLD

### LEIAR

Frode Myrheim: Norsk namnegransking i motbør og eit lovendringsframlegg som ikkje heng på greip.....	5
--	---

### NORSK NAMNELAG

Oddmund Vestenfor: Protokoll frå landsmøtet i Norsk namnelag 23. november 2012 for perioden 2009–2012.....	6
--	---

Ny leiar i Norsk namnelag .....	8
---------------------------------	---

Olav Veka: Vebhotellet til Norsk namnelag i 2012.....	9
---	---

### RAPPORT FRÅ KONFERANSE

Olav Veka: Norsk namnegransking i krise? Rapport frå konferanse i Oslo 23. november 2012.....	10
---	----

Deltakarar på konferansen .....	11
---------------------------------	----

Inge Særheim: Norsk namnegransking 2012. Den akademiske situasjonen .....	12
---	----

Gunnstein Akselberg: Norsk namnegransking 2012. Arkivsituasjonen .....	17
--	----

Åse Wetås: Prosjekt for digitalisering av namnemateriale – døme på tiltak for revitalisering av namnesamlingane.....	25
--	----

Line Lysaker Heinesen: Stedsnavnarkivet i Oslo og Språkrådets stedsnavntjeneste .....	27
---	----

Arnfinn Muruvik Vonen: Et blikk fra Språkrådet.....	28
---	----

### STADNAMNTENESTA

Anne Svanevik: Oppsummering av samrådingsmøtet 2012. Tromsø 29.–31. oktober 2012 .....	29
--	----

Astrid Sann Evensen: Referat fra stedsnavntjenestens internmøte mandag 29. oktober 2012.....	31
--	----

Kjersti Bruvoll: Referat fra fellesmøtet onsdag ettermiddag 31. oktober 2012 .....	33
--	----

Line Lysaker Heinesen og Kjersti Bruvoll: Adressering i kommunene siste halvdel av 2012 .....	35
---	----

### NORMERING OG BRUK AV NAMN

Ingvil Nordland: Språkrådet viser vei til riktig adressenavn .....	37
--	----

### NORNA-NYTT

Referat frå NORNA-møte i Helsingfors 16. november 2012 .....	39
--	----

Botolv Helleland: NORNA-symposium i Halmstad 6.–8. november 2013 .....	39
--	----

### ICOS-NYTT

Internasjonal konferanse om namn og namngjeving .....	40
---	----

### FN-NYTT

Konferanse på Korfu i Hellas .....	40
------------------------------------	----

ANNA MELDINGSSTOFF	
Botolv Helleland: Namnegransking etter på flyttefot .....	41
Formidlingspris til namnegranskär .....	41
Adressenamn mot svenskegrensa.....	42
ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN	
Kristin Fridtun: Stadige stadnamn .....	42
Marit Hovdenak: <i>Færøyane – Færøyene</i> på nynorsk .....	45
BOKOMTALAR	
Botolv Helleland: <i>Namn och bygd</i> 100 år.....	46
Olav Veka: Val av førenamn .....	49
Vidar Haslum: Rapport fra internasjonal navnekonferanse i Dublin.....	50
Olav Veka: Stadnamn i Hordaland .....	52
Botolv Helleland: <i>Onoma</i> 44 og 45 utkomne .....	54
OMTALAR AV MASTEROPPGÅVER	
Roger Lockertsen: Haldningar til gatenamn i Oslo .....	57
NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI	
Klaus Johan Myrvoll: Norsk namnebibliografi 2011 .....	59

LEIAR

## **NORSK NAMNEGRANSKING I MOTBØR OG EIT LOVENDRINGSFRAMLEGG SOM IKKJE HENG PÅ GREIP**

Eg vart vald til ny leiar på landsmøtet i Norsk namnelag den 23. november 2012, og eg takkar for tilliten. Medlemstalet er på snaue 400 medlemer, og det er ikkje verst, men me har eit arbeid å gjera, ettersom mange av medlemene våre er eldre. Kva med ein vervekampanje? Ettersom det i åra framover vil koma mindre pengar frå Forskningsrådet, må me få pengar frå andre stader. Her vil det vera råd både å auke medlemspengane, men òg å få del i tippemidlar som grasrotdelen.

Etter å ha vori med på konferansen «Norsk namnegransking i krise?» no i haust kan ein trygt seia at norsk namnegransking slit. Etter at marknadsøkonomiske prinsipp meir og meir har vorti rådande på universiteta kringom i landet, vert fag som namnegransking trengde ut. Det heile kan illustrerast med Universitetet i Oslo, der det for ein del år sidan var seks stillingar innanfor namnegransking. No etter sommaren vil det berre vera to stillingar att. Samtidig har NTNU i Trondheim vori utan vitskapleg stilling i namnegransking i fleire år. Dette er ikkje ei stode kulturnasjonen Noreg kan vera kjend av.

Samstundes som namnegranskinga møter motbør på dei høgare lærestadene, er lov om stadnamn under sterkt press. Nyliberale vindar blæs over landet, og stadnamnlova er inne i ei lagnadstid. Spørsmålet er om politikarane vil vedta lovendringsframlegget åt Kulturdepartementet, eller om dei ikkje vil gjera det. Av dei 83 høyringsfråsegnene på heimesidene åt Kulturdepartementet, er nær 80 prosent mot lovendringsframlegget, og brorparten vil halde på lov om stadnamn slik ho er i dag.

Etter mitt syn er framlegget eit åtak på stadnamn som kulturminne, og eg er ikkje imponert over kva Kulturdepartementet har komi fram til. Det er vand for meg å sjå korleis dei skal skilja mellom gards- og bruksnamn i praksis, ettersom desse svært ofte heng i hop. Her skal grunneigarane sjølve skrive bruksnamnet som dei vil, berre dei kan syne dei fram i gamle dokument eller bygdebøker. Om lovendringsframlegget går gjennom, vil normeringsarbeidet med røter attende i fyrste del av 1800-talet stana heilt opp, og Noreg vil stå attende med ei namnelov som korkje liknar fugl eller fisk. Det kan ikkje seiast ofte nok: Gards- og bruksnamna er ikkje privat eigedom. Dei tilhører folket, deg og meg, og er difor ein del av den nasjonale kulturarven.

«Navnebeskyttelsen Norge» kom til på Toten, nærmest som ein protest mot det somme Toten-bønder meinte var innblanding frå styresmaktene i eigedomsretten åt bøndene over gards- og bruksnamn. Som historikar og bygdebokforfattar veit eg at desse haldningane er rett vanlege blant grunn-

eigarar i heile kongeriket, ikkje berre på Toten. Slik stoda er i dag – fleire hundre år etter opplysingstida – er det rett lite folk veit om stadnamn. Kor mykje undervising har elevane på skulen i dag om stadnamn? Det er vel grunn til å tru at det er heller lite. I ein strid eg har hatt med to grunneigarar, var det tydeleg at båe to trudde at dei hadde eigedomsrett til namnet. Dei såg heller ikkje noko skilje mellom private- og offentlege skriftformer, og det trur eg heller ikkje politikarane gjer.

Eg meiner det difor er turvande med god, gamal folkeopplysing. Kan vi få med oss NRK? Ein spanande serie om norske stadnamn og normering!

Frode Myrheim  
frodmyr@gmail.com

## NORSK NAMNELAG

### **PROTOKOLL FRÅ LANDSMØTET I NORSK NAMNELAG 23. november 2012 for perioden 2009–2012**

#### 1. Konstituering

Til saman deltok 19 medlemer, medrekna styret. Olav Veka vart vald til møteleiar, til referent Oddmund Vestenfor og til medunderskrivarar Tom Schmidt og Gudlaug Nedrelid.

#### 2. Årsmeldinga

Knapt 400 medlemer er det med i laget (384), og det er slett ikkje verst. Det har halde seg slik nokre år, men nokre utmeldingar har kome med visse mellomrom, både frå eldre som fell bort og nokre institusjonar som vil spara pengar. Men det er viktig å verve nye. Arbeidet i styret har gått ein del i e-postordskifte. Viktige emne er *Namn og Nemne*, *Nytt om namn* og nettstaden til Namnelaget. I 2009 vart det gjeve stipend til éin søker. Årsmeldinga vart godkjend utan motførelegg.

#### 3. *Namn og Nemne*

2012-utgåva er klar til trykking i desember – ho blir send ut på nyåret, melde Gunnstein Akselberg. Laget bør halde fram med den produsenten ein har no. Ekstern finansiering går ned – meir gratisarbeid blir det då for dei som styrer med *Namn og Nemne*. Mindre og mindre pengar kjem frå Forskningsrådet. Det løyver helst pengar til prosjekt no, og rådet vil at alt slikt dei løyver pengar til, skal leggjast ut på nettet. Styret ynskjer å leggje ut artiklar etter to år på heimesida til Namnelaget. *Names* i USA gjer det slik. Landsmøtet gjorde vedtak om å skrive på nettstaden til Namnelaget og i

*Namn og Nemne* at det blir slik. Då er det lyst, og folk får tid til å trekkje seg, om dei skulle vilja det. Begge blada kjem då på nettet etter kvart.

#### 4. Nytt om namn

Meldingsbladet når vidt ut – det er viktig for dei mange medlemene våre. Her er informasjon om det som skjer på namnefronten for tida. Ole Jørgen Johannessen peika på at det òg nådde ut til dei andre nordiske landa. Anna-kvart nummer kjem med ein bibliografi og eit oversyn over klagesaker.

#### 5. Heimesida

Resultata frå Hedmarksprosjektet er lagde ut på nettet. Oversikta over treff syner mange norskamerikanske søk på etternamn/gardsnamn. Det kom framlegg om å skrive noko om skipsnamn, husdyrnamn osb. på heime-sidene til Namnelaget. Ein kunne òg leggje inn kvar det var i gang lokal innsamling av namn no.

#### 6. Rekneskapen

Rekneskapen for dei tre siste åra vart gjennomgått. Det neste styret fekk tilslutnad frå landsmøtet om at det får fullmakt til å auke medlemspengane dersom det finn det naudsynt. Eit framlegg om å gje rabatt for studentar fekk ikkje tilslutnad. Viktigaste grunnen til ein auke i medlemspengane er knappare pretestønad til *Namn og Nemne* kvart året.

#### 7. Lovendring

Styret og Jostein Valved hadde framlegg til nokre endringar i lagslova. Det kom fram at lovteksten «innan 6 månader» kan tolkast ulikt. Då dette endringsframlegget kom inn mindre enn seks månader føre årsmøtedagen, vart endringsframlegga som gjekk på innhaldet, utsette til neste landsmøte. Framlegget om å endre titlar, serleg på tillitsmenn og -kvinner i laget, fekk tilslutnad. No heiter det under pkt. 3 «leiar» og «nestleiar» (istf. «formann» og «nestformann») og «varamedlemer» (istf. «varamenn»), «revisor» (istf. «ettersynsmann»), «landsmøte» (istf. «årsmøte») og, i siste avsnittet, «leiar» (istf. «formann»). Vidare under pkt. 4 står «leiar, nestleiar» (istf. «formann, nestformann»), og i siste avsnittet i pkt. 4 «rekneskap» (istf. «rekneskapbok»).

#### 8. Skal laget sökje medlemskap i Kulturvernforbundet?

Norsk namnelag ynskjer å ta vare på den immaterielle kulturarven, og Kulturvernforbundet er då ein viktig alliert. Men Kulturvernforbundet har berre landsmøte i år med partal, så det blir ikkje før i 2014. Medlemskontingenten på 1000 kr vart ikkje sedd på som nokon stor sum.

## 9. Arbeidet framover

Arbeidet i Namnelaget går sin gang. Digitalisering av tidsskrifta må gjerast, slik at dei vert lagde inn på nettstaden vår. Den avgåande leiaren saman med kona Nancy Coleman tek på seg å drive nettstaden framover no med. Det sa landsmøtelyden seg takksam for. Det er òg kome ynske om å få til ein søkbar bibliografi. Eit framlegg frå Frode Myrheim om å registrere laget i Brønnøysundregistra som mottakarorganisasjon for tippemidlar og liknande fekk støtte i salen.

## 10. Val

Styret er som før, men med ny leiar. Styret for neste treårsbolt ser då slik ut: Leiar: Frode Myrheim (ny). Nestleiar: Anne Svanevik (attval). Styremedlemer: Gunnstein Akselberg (attval), vara: Tor Erik Jenstad (attval); Marit Breie Henriksen (attval), vara: Terje Larsen (attval); Åse Wetås (attval), vara: Vidar Haslum (attval).

### Skriftstyre *Namn og Nemne*:

Ole-Jørgen Johannessen (ny, Gunnstein Akselberg går av)  
 Gudlaug Nedreliid (attval)  
 Aud-Kirsti Pedersen (attval)  
 Vidar Haslum (ny, Inge Særheim går av)

### Skriftstyre *Nytt om namn*:

Botolv Helleland (attval)  
 Gudmund Harildstad (attval)  
 Vidar Haslum (attval)

### Revisor:

Tom Schmidt (ny, Boye Wangensteen går av)

Oddmund Vestenfor  
 oddmund.vestenfor@kartverket.no

## **NY LEIAR I NORSK NAMNELAG**

På landsmøtet 23. november 2012 fekk Norsk namnelag ny leiar. Den nye leiaren, Frode Myrheim, er fødd i Oslo i 1968, men oppvachsen på Hamar. Han er ikkje gift, men har ei dotter på 17 år. Hausten 2006 tok han hovudfag i historie ved Universitetet i Oslo. Oppgåva tok for seg geografisk og sosial mobilitet blant tenestefolk i Elverum på 1700-talet. I om lag femten år har han arbeidd med gards- og ættesoge, fyrst i Stange i

Hedmark og sidan 2007 i Høland i Akershus. I fleire år har han drive med innsamling av stadnamn i Hedmark og Akershus fylke. Han var òg medarbeidar i Hedmarksprosjektet som Kulturdepartementet løyvde pengar til i 2009. Prosjektet hadde til mål å kartleggja lokale stadnamnsamlingar i Hedmark og stimulera til vidare innsamling. Frode har òg interessert seg for personnamn og har skrive ein del om einskilde namn. Han har òg vore sterkt oppteken av framlegget til endring av lov om stadnamn og hatt ei rekje innlegg i ordskiftet kring det.

Red.

## VEBBHOTELLET TIL NORSK NAMNELAG I 2012

Hotellet på nettsida [www.norsknamnelag.no](http://www.norsknamnelag.no) er i full drift med same administrasjonen som før. Statistikken for trafikken på desse nettsidene er ved sida av medlemstalet det mest konkrete uttrykket for aktiviteten i Norsk namnelag, internt og eksternt. Me skal kikka litt nærmare på besøksstatistikken for 2012 og samanlikna litt med året før.

Det fyrste som slår ein, er at aktiviteten på nettet er aukande, alle tal for 2012 syner større aktivitet enn tilsvarande tal for året før. Ikkje uventa, kan ein seia, for aktiviteten på nettsidene vil auka med større bruk av internettet generelt og fleire utlagde lenkjer på andre nettstader spesielt. Nettstaden vil dessutan verta betre kjend og dermed meir søkt etter som tida går sidan heimesida vart etablert i 2008.

Talet på besøk i 2012 var godt 8000 samanlikna med snautt 7000 året før, og tilsvarande snautt 5000 og 3400 for «unique visitors». Talet på treff i fjor var godt 55 000 mot 36 000 året før. Dersom ein ser på besøk fordelt på året, merkjer mai og november–desember seg ut med mange som er innom og kikkar, truleg fordi dette er eksamenstid med innlevering av oppgåver. I alle fall på Høgskulen i Volda vert det gjeve eksamensoppgåver innanfor fagområdet personnamn med frist i slutten av semestret.

Treff fordelt på land syner ikkje overraskande at Noreg ligg på topp med godt 22 000 etterfølgt av USA (10 740), Nederland (5 425) og Tyskland (4157). Når det gjeld talet på sider som gjestene besøkjer, er rekkjefølgja Nederland, Noreg, Tyskland, USA og Spania. Kanskje det er språklege eller nynorske grunnar til at Danmark manglar heilt på statistikken over dei 25 landa på topp? Sverige er i alle fall representert med 277 sider og 842 treff.

Og kva lastar folk ned? Jau, det ser ut til å vera samiske og kvenske stadnamn, stoff for skulen, personnamn og diverse innhaldslister i *Namn og Nemne* og *Nytt om namn* i den rekkjefølgja. Som kjent har Namnelaget

ennå ikkje lagt ut heile nummer av desse tidsskrifta. Noko anna er kva sider folk les på nettet. Her ligg «Norwegian Surnames» klart på topp, følgt av samiske stadnamn, førenamn og namnestatistikk.

Sidan Namnelaget ikkje akkurat annonserer sine virtuelle tenester, er det interessant å sjå kva kanal eller lenkje gjestene kjem inn gjennom. I særklasse på topp ligg nettstaden [www.klikk.no/foreldre/barnImagen/navn/article715355.ece](http://www.klikk.no/foreldre/barnImagen/navn/article715355.ece). Forklaringa ligg m.a. her: «Navneforsker Botolv Helleland ved Universitetet i Oslo anbefaler hjemmesiden til Norsk namnelag». Slik skal det gjerast, medlemmer! Deretter kjem søkfunksjonen på startsiden.no. Mange kjem også inn gjennom heimesida til Språkrådet.

Til slutt dei vanlegaste frasane det vert søkt med: *norwegian surnames, norsk namnelag, norsk names, namn og nemne, samer i norge, norwegian last names, nordsamisk, common norwegian last names, etternavn, norwegian american*, for å nemna dei ti frasane på topp.

Redaktør for heimesida er Nancy L. Coleman (tootch@gmail.com).

Olav Veka  
olav.veka@gmail.com

## RAPPORT FRÅ KONFERANSE

### **NORSK NAMNEGRANSKING I KRISE? Rapport frå konferanse i Oslo 23. november 2012**

Den 23. november 2012 vart det halde ein konferanse i Språkrådet i Oslo med tittelen «Norsk namnegransking i krise?» Overskrifta høyrest lite opplyftande ut, men faktum er at faget namnegransking er i ferd med å verta nedbemannat over heile landet. På det meste hadde dette fagområdet seks vitskaplege stillingar pluss ei kontorstilling ved Universitetet i Oslo. No er det att tre, og frå 1. juli 2013 berre to vitskaplege stillingar. Driftsmidlane som Avdeling for namnegransking ved UiO hadde før, har no falle heilt vekk. Det var venteleg denne armoda som fekk den minkande staben til å be Norsk namnelag om å stå for ein konferanse, eventuelt i samråd med Språkrådet, for å drøfta situasjonen. Med si oppgåve for å fremja norsk namngjeving og namnegransking var Namnelaget viljig til å ta imot utfordringa. Språkrådet vart kontakta og sa seg viljig til å samarbeida om tiltaket, og det vart fastsett at konferansen skulle haldast i lokala til Språkrådet den føreslårte datoën. Til saman var det 35 deltakarar frå heile landet.

Representantar for dei ulike namnemiljøa i landet vart inviterte til å ha innlegg. Også Humanistisk fakultet ved Universitetet i Oslo og Kulturdepartementet var inviterte, men ingen av dei hadde høve til å delta. Desse

hadde innlegg: Gunnstein Akselberg (Universitetet i Bergen), Line Lysaker Heinesen (Stadnamntenesta i Oslo), Anne Svanevik (Kartverket), Inge Særheim (Universitetet i Stavanger), Åse Wetås (Norsk Ordbok 2014). Arvid Lillethun fra Kartverket gav ei instruktiv innføring i korleis Sentralt stadnamnregister (SSR) kunne nyttast for registrering av stadnamn med supplerande informasjon. Dessutan hadde desse deltakarane diskusjonsinnlegg: Botolv Helleland (Namnegransking, Universitetet i Oslo), Ole-Jørgen Johannessen (Samarbeidsnemnda for namnegransking), Frode Myrheim (Norsk namnelag), Tom Schmidt (Namnegransking, Universitetet i Oslo) og Arnfinn Muruvik Vonen (Språkrådet). Hovudinnlegga er trykte i dette nummeret av *Nytt om namn*. Presentasjonen til Lillethun vil verta trykt i neste nummer av *Nytt om namn*. Underskrivne Olav Veka leide konferansen.

Ein stor takk til Språkrådet som heldt lokale og sytte for servering under konferansen.

Olav Veka  
olav.veka@gmail.com

## DELTAKARAR PÅ KONFERANSEN

Gunnstein Akselberg  
Irene Andreassen  
Kjersti Bruvoll  
Nancy L. Coleman  
Ole Gunerius Deli  
Tuula Eskeland  
Astrid Sann Evensen  
Gudmund Harildstad  
Margit Harsson  
Vidar Haslum  
Line Lysaker Heinesen  
Botolv Helleland  
Marit Hovdenak  
Ole-Jørgen Johannessen  
Beate Kraggerud  
Kristoffer Kruken  
Terje Larsen  
Arvid Lillethun

Ellen Marie Lund  
Frode Myrheim  
Klaus Johan Myrvoll  
Gudlaug Nedreliid  
Ingvil Nordland  
Tom Schmidt  
Kjell Erik Steinbru  
Anne Svanevik  
Inge Særheim  
Sigfrid Tvittekja  
Olav Veka  
Oddmund Vestenfor  
Arnfinn Muruvik Vonen  
Åse Wetås  
Solveig Wikstrøm  
Joleik Øverby  
Kristin Aasmundsen

## NORSK NAMNEGRANSKING 2012. DEN AKADEMISKE SITUASJONEN

### **Stillingar og kompetanse**

Eit generasjonsskifte set for tida sitt preg på norsk namnegransking. Fleire personar som i lengre tid har vore viktige bidragsytarar når det gjeld namneforskinga her i landet, har for kort tid sidan gått av for aldersgrensa. I inneverande år (2012) gjeld det Ole-Jørgen Johannessen i Bergen og Gulbrand Alhaug i Tromsø, medan Botolv Helleland i Oslo gjekk av for to år sidan (2010). Om ein går nokre fåe år til attende i tida, kan ein ta med Oddvar Nes i Bergen, Ola Stemshaug og Jørn Sandnes i Trondheim og Peter Hallaråker i Volda (dei to sistnemnde har gått bort).

At personar i forskarstillingar går av for aldersgrensa, er sjølvsagt heilt naturleg. Både frå vårt eige land og grannelanda Sverige og Danmark kjenner ein mange døme på personar som held fram som aktive namneforskjarar lenge etter at dei har fylt 70 år. Som seniorar utgjer dei ein viktig del av fagmiljøet på vedkomande institutt, og fleire av dei gjer god nytte av den unike fagkompetansen som dei har tileigna seg, både i vitakapleg publisering, konsulentarbeid og anna fagleg verksemnd.

Fleire av dei nemnde personane har hatt stillingar der namnegransking har vore nemnt som ei sentral arbeidsoppgåve i stillingsinstruksen – i nokre høve som den sentrale arbeidsoppgåva. Dette gjeld særleg stillingane i namnegransking ved Universitetet i Oslo, som opphavleg var arkivstillingar og som i 1978 vart overførte frå den sjølvstendige statsinstitusjonen Norsk stadnamnarkiv til Universitetet i Oslo. Også for nokre forskar- og undervisningsstillingar i nordisk språkvitskap ved universiteta i Bergen, Trondheim og Tromsø har namnegransking vore omtala i stillingsinstruksen som eit sentralt arbeidsfelt ved sida av andre forskings- og undervisningsoppgåver på instituttet.

Trass i at fleire av dei fremste namnegranskjarane våre nyleg har slutta i stillingane sine, finst det framleis høg kompetanse i dette fagfeltet ved fleire universitet og høgskular, både i Oslo, Kristiansand, Stavanger, Bergen og Volda. Dei fleste personane som det gjeld, har onomastikk som eit sentralt forskingsfelt, gjerne det sentrale forskingsfeltet, og dei har stillingar i nordisk språkvitskap og er tilsette ved eller på annan måte knytte til eit institutt for nordistikk. På alle dei fem nemnde stadene finn ein namnegranskjarar med professorkompetanse, og på fleire av stadene finst det i tillegg onomastar med førstekompetanse. Høg kompetanse i namnegransking er òg representert i fag- og forskingsmiljø ved andre institutt og institusjonar, bl.a. ved Norsk Ordbok 2014 og Riksantikvaren i Oslo og Lesesenteret i Stavanger.

Når fagleg tilsette med namnegransking som definert arbeidsfelt i stillingsinstruksen sin går av for aldersgrensa, er det ingen automatikk i at dei

blir erstatta av personar med tilsvarende kompetanse. Det har ein sett døme på både i Oslo (Helleland), Bergen (Johannessen), Trondheim (Stemshaug) og Tromsø (Alhaug). Det er naturleg nok heller ikkje grunn til å rekna med at fagleg tilsette i nordisk språkvitskap som har spesialkompetanse i namnegransking, vil bli etterfølgde av personar med tilsvarende kompetanse. Ein blant fleire grunnar til at det er slik, er det finansieringssystemet som for tida gjeld for universitet og høgskular, der oppnådde studiepoeng, dvs. avlagde eksamenar, slår sterkt ut. For denne typen institusjonar er det med andre ord viktig å «produsera» så mange studiepoeng som råd er, for det gjev pengar i kassa til institusjonen. Dette gjeld òg på instituttnivå. Det er viktig å ha studietilbod som gjev inntening, dessutan store studentgrupper og fagleg tilsette som kan medverka til studiepoengproduksjon. I denne samanhengen tapar namnegransking, som ikkje er eit viktig undervisningsfag, sett frå institutt- og institusjonsleiinga si side. Når stillingar blir ledige, ønskjer dekanar og instituttstyrarar å disponera stillingsressursane på fritt grunnlag, utan spesielle bindingar i høve til tidlegare bruk av slike ressurser. Også høg forskingsproduksjon gjev noko pengar i kassa for institusjonane, men langt mindre enn produksjonen av studiepoeng. Ved auke i produksjonen av studiepoeng tilfører staten nye midlar til vedkomande institusjon, men det gjeld ikkje for forskingskomponenten, for der blir det kvart år løyvd ein fast pott til fordeling mellom institusjonane på grunnlag av produksjonen. I tillegg til ein slik resultatkomponent finst det ein såkalla basiskomponent, som har grunnlag i historiske tilhøve og tal; ut frå dette grunnlaget kjem dei «gamle» universiteta (Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø) betre ut enn dei nye universiteta (Stavanger, Agder m.fl.).

Når ein skal argumentera for å halda på forskarstillingar og kompetanse i namnegransking, bør dette grunngjevast ut frå andre faktorar enn studiepoengproduksjon. Det er naturleg å visa til at eit moderne samfunn treng kompetanse innanfor fagområde som representerer den nasjonale kulturarven, særleg når det gjeld forvaltinga og vidareføringa av denne arven. For å kunna halda oppe den gjeldande namnekonsulenttenesta og ein fagleg forsvarleg offentleg namnebruk trengst det høg kompetanse i namnforsking. Denne kompetansen bør vera knytt til forskingsmiljøa i nordisk språkvitskap ved norske universitet og høgskular. Kulturaspektet bør med andre ord vektleggjast i argumentasjonen overfor universitets- og høgskule-institusjonane og deira departement, dvs. Kunnskapsdepartementet.

Også Kulturdepartementet, som har eit hovudansvar når det gjeld forvaltinga av norsk språk og utforminga av nasjonal språkpolitikk, bør koma på banen i denne saka. Som kjent var Norsk stadnamnarkiv frå det vart oppretta i 1921 til 1939 ei vitskapleg samling med støtte frå Forskningsfondet og deretter ein sjølvstendig statsinstitusjon med løyvingar frå departementet til og med 1977, då det vart overført til Universitetet i Oslo og tilpassa universitetsstrukturen (som institutt frå 1.1.1979 og avdeling frå

1.1.1990). Dei 3–4 stillingane ved arkivet vart overførte til Universitetet i Oslo ved overgangen i 1978. Det kan vera på sin plass å minna både universitetet og dei to departementa (Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet) om dette. Språkrådet, som sorterer under Kulturdepartementet og som administrerer namnekonsulenttenesta, har fått spesielle oppgåver når det gjeld forvaltinga av norsk språk og gjennomføringa av norsk språkpolitikk. Denne institusjonen bør kunna vera ein viktig samarbeidspartner og medspelar i argumentasjonen overfor departementet.

Namneforskarmiljøa bør elles inngå alliansar med andre miljø som er i ein liknande situasjon. Det gjeld bl.a. ordboksmiljøa, som disponerer store leksikalske arkiv og andre samlingar av språkleg tradisjonsmateriale. Slike samlingar utgjer ein viktig del av infrastrukturen når det gjeld norsk språk. Tilfredsstillande ordningar trengst elles for arkiv og samlingar som er knytte til språk- og namneforskarmiljøa ved norske universitet og høgskular.

I argumentasjonen overfor departementa bør ein elles visa til situasjonen i våre nærmeste granneland, Sverige og Danmark. Der er det vist stor interesse for å halda oppe stillingar og kompetanse i faget namnforskning og tilfredsstillande ordningar for namnearkiva. Vern av det nasjonale namne materialet er ei viktig grunngjeving for dette arbeidet. Det vart t.d. hausten 2012 føreteke nyttilsetjing i to faste stillingar (lektorat) i namnforskning ved Nordisk forskningsinstitut ved Københavns Universitet, i tillegg til tilsettjing i to stipendiatstillingar (ph.d.).

Det er, som kjent, stor allmenn interesse for namn, namnebruk og namneoppav, noko som har vore ein viktig føresetnad for igangsetjing og gjennomføring av store innsamlingsprosjekt kringom i landet og for kompetanseoppbygging ved fleire universitet og høgskular. Fleire kommunar og fylkeskommunar har engasjert seg og løyvd midlar til å registrera stadnamntilfang og byggja opp eigne namnesamlingar for og i sine område. Nærleiken til brukarar av materialet er ein svært viktig og positiv faktor som bør ivaretakast og vidareutviklast både når det gjeld styrking av kompetanse og sikring av slike samlingar kringom i landet. Blant aktive brukarar av dei regionale stadnamnsamlingane kan nemnast kommunar som søker informasjon om førekomst av namn i nye bustad- og utbyggingsområde og råd om skrivemåten av namna. Andre brukarar er lokalhistorikarar som nyttar namna som historisk kjelde tilfang, grunneigarar som vil læra seg namna på eige gardsbruk, og media (radio, TV, avisar) som søker informasjon om namnebruk, namneoppav og skrivemåte. Blant brukargruppene kan elles nemnast lokale historielag som arrangerer föredrag, kurs m.m. og legg lokalt namnetilfang ut på heimesidene sine, dessutan skulelevar og studentar som nyttar namn i ulike typar oppgåveskriving, og privatpersonar med spesiell interesse for kultur og tradisjon.

## **Utdanning, forsking og formidling**

Det finst i dag utdanningstilbod som omfattar namn, særleg person- og stadnamn, ved fleire universitet og høgskular her i landet. Alle tre nivåa er representerte, dvs. bachelor, master og ph.d. Av døme på tilbod på såkalla 100-nivå (også kalla 1000-nivå) kan nemnast eit valemne i namnegransking ved UiO, dessutan innslag av namnegransking i eit språkhistorisk emne som er obligatorisk i nordiskstudiet ved UiS. Fleire studentar som tek faget nordisk, skriv fordjupingsoppgåve med namn som grunnlagsmateriale. Elles er det innanfor nordiskstudiet ved universiteta og høgskulane jamt tilsig av masteroppgåver med person- eller stadnamn – eller andre namnetypar – som materiale.

Det eksisterande studietilbodet har naturleg nok samanheng med student-søkinga. Institusjonane tilpassar seg og held oppe dei tilboda som det er behov for. Studenttilgangen kan vel seiast å ha vore noko skiftande. Mange vil meina at situasjonen ikkje er så god som han ein gong var, t.d. i 1970-åra, då mange studentar skreiv hovudfagsoppgåve eller tok emnekrins innom namnegransking. Fagområdet når ikkje fram i konkurransen med andre fag og disiplinar. Namnegransking kan ikkje seiast å vera eit motefag, det har helst ord på seg for å vera noko tradisjonelt. Nye innfallsvinklar vil vera velkomne. Aktuelle felt kan vera sosioonomastikk, namn og identitet, litterær onomastikk, namn og språkhistorie, namn og språkstruktur, namn og kulturhistorie.

Når det gjeld doktordisputasar innom onomastikk, har det vore god utvikling sidan 1995. Før dette året var det berre skrive tre doktoravhandlingar (Gustav Indrebø 1924, Mikjel Sørlie 1932, Per Hovda 1962), medan det etter dette året har vore ti–elleve disputasar som anten har vore innanfor eller har hatt klar tilknyting til dette fagfeltet: Tuula Eskeland 1995, Kristin Bakken 1996, Gudlaug Nedrelid 1999, Eli Ellingsve 1999, Åse Kari Hansen 2000, Inge Særheim 2000, Tom Schmidt 2000, Berit Sandnes 2003, Vidar Haslum 2003, Åse Wetås 2008 og Benedicta Windt-Val 2010.

Det området som ser ut til å fungera best og er mest vellukka når det gjeld den akademiske situasjonen for namnegranskinga her i landet, er vitskapleg publisering og populærvitskapleg formidling. Her dreiar det seg om mange deltakrar, mange publisering- og formidlingskanalar og stor produktivitet, noko som t.d. går fram av ulike oversyn over og omtalar av forskingsarbeid i *Nytt om namn*, *Namn og Nemne* og *Namn och bygd*, dessutan av diverse NORNA-register.

Ein viktig grunn til og føresetnad for den omfattande aktiviteten på forskings- og formidlingsområdet er stiftinga av Norsk namnelag, som står som utgjevar av meldingsbladet *Nytt om namn* og det akkrediterte fagtidskriftet *Namn og Nemne*. Det førstnemnde har sidan starten i 1984 kome ut med 55 hefte, medan fagtidsskriftet sidan 1984 har kome ut med 29 nummer (årgangar) med ca. 130 sider per hefte. I tillegg har norske namne-

forskarar vore aktive brukarar av diverse andre norske, nordiske og internasjonale publiseringaskanalar, som *Namn och bygd*, *Studia anthroponymica Scandinavica*, *NORNA-rapportar*, *ICOS-rapportar*, *Onoma* og *Maal og Minne*.

Dei seinaste åra har det kome ut fleire store bøker om stadnamn og personnamn. Nemnast kan serien *Bustadnavn i Østfold* av Kåre Hoel, utgjeven av Tom Schmidt og Margit Harsson, som i 2012 kom ut med band nr. 11 (Onsøy). I 2012 gav Gunnstein Akselberg ut den populærvitenskaplege boka *Frå Bontelabo til Ånuglo. Stadnamn i Hordaland*, jf. òg Inge Særheims namneleksikon *Stadnamn i Rogaland* (2007) og Tom Schmidts bøker om stadnamn frå Valdres (2006, 2009). I 2010 kom Margit Harssons voluminøse *Leksikon over norske rud-namn frå mellomalderen*. 2011 var året for bøker om personnamn, med Gulbrand Alhaugs *10 001 namn* og Ivar Utnes *Hva er et navn?* I 2013 kjem Kristoffer Krukens nye (dvs. 3.) utgåve av *Norsk personnamnleksikon*. Nemnast kan òg omtale av namn og namngjeving i standardverket *Handbok i norrøn filologi* (redigert av Odd Einar Haugen, 2. utg. 2013). Dette emnet vil elles etter planen få brei omtale i den nye norske språkhistoria i fire band som for tida er under utarbeiding (med Helge Sandøy og Agnetha Nesse som hovudredaktørar; planlagd utgjeving f.o.m. 2014).

### **Oppsummering og konklusjon**

Sjølv om det finst fleire positive utviklingsdrag når det gjeld publisering og formidling av forskingsarbeid innanfor norsk namnegransking, dessutan framleis høg kompetanse innom dette fagfeltet ved fleire av universiteta og høgskulane våre, er det all grunn til å følgja med på utviklinga for dette fagområdet i åra som kjem, og setja i gang nødvendige støttetiltak. Særleg rekrutteringssituasjonen er urovekkjande. Det bør iverksetjast tiltak for å sikra at det finst stillingar med namneforskning som definert arbeidsfelt ved nokre norske universitet og høgskular. Det er òg viktig å sikra og gjera tilgjengeleg namnearkiv og andre samlingar av språkleg tradisjonstilfang som har tilknyting til slike institusjonar. Ei viktig grunngjeving for slike tiltak er at ein kulturnasjon som Noreg treng kompetanse i sentrale kulturfag og den nasjonale kulturarven, noko som er heilt avgjerande for ei fagleg forsvarleg forvalting og vidareføring av nedarva namn.

Inge Særheim  
inge.saerheim@uis.no

## NORSK NAMNEGRANSKING 2012. ARKIVSITUASJONEN

### 1 Eit mentalt-onomastisk døme

For ein del år sidan arrangerte namnemiljøet ved Universitetet i Bergen årlege ekskursjonar til Voss for å sjå på distribusjonen av gardsnamn og namn på inn- og utmark. På ein av desse turane vitja vi bonden på Vetla Ringheim. Det var ein sur og kald dag, så vi bretta ut det store oversynskartet over garden, med inn- og utmark, inne i stova der vi alle sat samla rundt bonden – som fortalte om namn på garden. Å få ein aktiv brukar med lang erfaring om gardsdrift og med uuttømmeleg innsikt om det lokale landskapet til å gå gjennom namn på garden er både ei oppleving i seg sjølv og eit framifrå møte med spesialkunnskapen. Men med jamne mellomrom kommenterte bonden, då vi spurde han kva dei på garden kalla ymse lokalitetar på innmarka, at «Jau, me seier no *Engje*, *Hagjen* og *Bare*, men da e no ikkje noko novn. Detta e berre noko me kadla da.»

Dette er ikkje ein uvanleg situasjon som namnegranskurar støyter på i møte med gardbrukarar. Verdien av og statusen til namna ser ikkje ut til å telja noko særleg for dei – i alle fall i slike namnegaglege samanhengar. Diverre viser det seg at heller ikkje politikarar og universitets- og høgskuleleiarar ser verdien av stadnamna våre.

### 2 Målet

Målet med denne artikkelen er å setja arkivsituasjonen ved dei norske universiteta og høgskulane inn i ein universitets- og høgskulepolitisk samanheng, som kan kasta ljós over nokre av dei viktigaste utfordringane som norsk namnegransking har i dag. Namnearkiva er nemleg under sterkt administrativt, økonomisk og forskingspolitisk press. Held denne politikken fram, vil snart dei siste norske namnearkiva med tilknytt aktiv forskingskompetanse, forsvinna.

### 3 Disposisjonen

Eg vil sjå på nokre av dei mentale førestellingane som finst om namn og namnearkiv, om mytar og realitetar knytte til desse arkiva, om funksjonen til namnearkiva, om grunnleggjande situasjonelle tilhøve som arbeider mot namnearkiva, om aktuelle utfordringar og om nokre meir eller mindre reelle alternativ til den norske namnearkivsituasjonen i dag.

### 4 Mental og vitskapsteoretisk ramme

Den allmenntale og rådande vitskapsteoretiske ramma som dei norske namnearkiva eksisterer innom, er ikkje særleg gunstig verken for arkivsituasjonen i dag og langt mindre for framtidsutsiktene for dei norske namnearkiva.

- *Arkiva som institusjon:* I dag vert namnearkiva vurderte å høyra til ein forsvunnen tidbolt og sette i samanheng med nasjonsbygging, snevre nasjonale interesser og dessutan verdiar knytte til primærnæringa. Namnearkiva si tid er over. Namnearkivtanken kan rett og slett vera direkte politisk ukorrekt i den postmoderne verda.

- *Innsamling av namn:* Namnesamlingane som vi har i dag er allmennvitskapleg uinteressante, dei har liten vitskapleg forskingsverdi, og dei er i praksis nedstøva samlingar som svært få har interesse av. Dei representerer forelda forskingsmetodar, og dei er meir eller mindre i utakt med den moderne vitskapsverda.

- *Induktiv metode:* Det vert hevdat namnesamlingane er uinteressante i dag av di materialet som finst her, er samla inn mest utan særleg mål og mening. Dei mange namna er eigentleg resultat av ein meiningslaus samlemani. Arkiva er produkt av ein induktiv metode som representerer sjølve innsamlinga og den ferdig samlinga som primære mål og som i liten grad har lagt vekt på forskingsspørsmål og overordna problemstillingar. Dette står i motsetnad til den deduktive metodefilosofien og metodepraksisen som samlar inn data på grunnlag av visse hypotesar eller fornuftige styrande parameter som er nyttige for moderne datahandsaming og moderne vitskapspraksis.

- *Humanioratradisjonen:* Slik vert namnesamlingane eit paradeeksempel på ein lang humanioratradisjon som nettopp hadde ustukturert samlemani som praksis: Først innsamling, så sortering og til slutt ei meir eller mindre tilfeldig leiting etter visse strukturar og mønster i kaoset.

## 5 Myte og realitet

Det utbreidde og innarbeidde mentale og vitskapsteoretiske rammeverket ovanfor er eit grunnleggjande hinder for ein fruktbar og kreativ diskusjon om namnearkiva si rolle i moderne humanioraforsking. I realiteten representerer namnearkiva eit viktig og grunnleggjande potensiale for ei brei humanioraforsking.

- *Arkiva sin funksjon:* Namnearkiva har mange sentrale funksjonar. Samlings- eller arkivfunksjonen er den mest sentrale og grunnleggjande, altså at i namnearkiva finst det ei stor mengd namn og namneopplysningar som representerer ulike tidsepokar, geografiske område, kulturelle sektorar og sosiale tilhøve. Dette er grunnlaget for dei andre funksjonane til arkiva. Sjå punkt 7 nedanfor.

- *Meir enn nedstøva data:* Den vidt utbreidde trivielle og retoriske førestellinga om at namnearkiva er forhistoriske og nedstøva datasamlingar som representerer forelda vitskapssyn, stemmer verken med innhaldet i desse arkiva, måten innhaldet er samla inn på, måten arkiva vert forvalta på, eller dei mange funksjonane som arkiva har. Namnearkiva er dyna-

miske og levande materialsamlingar som m.a. genererer forskings- og undervisningsresultat og som er effektive rekrutteringsarenaer.

- *Livsnerves*: Realiteten er såleis at namnearkiva har ein livgjevande funksjon for undervisning og forsking og utgjer ein livsnerves for dynamisk forsking, undervisning og formidling.

## 6 Lov om stadnamn

Ein særleg grunn til at namnearkiva fungerer som levande arkiv i tillegg til den funksjonen dei har som hjørnestinar innom akademia, er den oppgåva dei spelar i eit større samfunnsperspektiv i kraft av lov om stadnamn.

- *Lov om stadnamn*: Lova regulerer viktige formelle, funksjonelle, arkivale og filologiske sider ved stadnamn, slik som t.d. skrivemåte, bruksområde og status. Skal den gjeldande stadnamnlova kunna oppfyllast, må vi ha oppdaterte og tilgjengelege vitskaplege namnearkiv. Lov om stadnamn føreset nettopp oppdaterte og tilgjengelege arkiv.

• *Oppdaterte arkiv*: Skal namnearkiva kunna oppfylla denne funksjonen, må dei stendig verta oppdaterte med omsyn til innsamla materiale, handsaming av materiale, arkivale struktureringar, fagleg kompetanse og teknisk oppdatering. Det går ikkje lang tid med manglande fagleg tilsyn og oppdatering før arkiva misser den funksjonen dei må ha etter lova.

- *Tilgjengelege arkiv*: Skal arkiva kunna oppfylla dei oppgåvene som namnelova set, må dei i tillegg til å vera oppdaterte også vera tilgjengelege. Tilgjengeleg tyder her at arkiva skal vera geografisk tilgjengelege, fysisk tilgjengelege, teknisk tilgjengelege, administrativt tilgjengelege og bruks-tilgjengelege.

## 7 Funksjonar

Spissformulert kan vi seia at det er dei tillagde «ufunksjonane» knytte til namnearkiva som vert trekte fram i diskusjonen om arkiva si framtid og prioriteringa av dei økonomisk og institusjonelt. Dei sentrale funksjonane og positive effektane deira vert derimot minimaliserte, tildekte eller rett og slett sedde bort frå. Dei viktigaste funksjonane i denne samanhengen er desse:

### A. Datasamlingar

Namnearkiva ved universiteta og høgskulane er sentrale namnesamlingar regionalt og nasjonalt. Kvart arkiv har eit lokalt og regionalt ansvar for innsamling av namn innom sitt geografisk avgrensa område. I tillegg til at arkiva dekkjer geografisk avgrensa område, fungerer dei også som nasjonale arkiv på den måten at dei gjev informasjon og kunnskap om namnegrupper og namnetypar som er viktig for å sjå norske namn i nasjonalt komparativt perspektiv.

Dessutan er namnearkiva ved universiteta og høgskulane knytte til namnafagleg ekspertise, som gjer dei ekstra viktige i arkivsamanheng på den måten at dei nettopp ikkje vert «nedstøva» og «passé», men aktive arkiv knytte til forsking og undervisning.

#### *B. Dokumentasjon*

Som alle andre arkiv er dokumentarfunksjonen til namnearkiva heilt sentral. Namnearkiva dokumenterer m.a. geografisk, historisk, kulturell og sosial variasjon og karakter. På denne måten får dei godt fram det regionale og nasjonale namnelandskapet i Noreg, og difor er det viktig at arkiva heile tida vert oppdaterte med nyinnsamlingar, slik at dei får representert også dei endringsmönstra som går føre seg i dag.

I denne samanhengen er det viktig å halda fram at kvart einskildnamn er eit historisk dokument på line med andre historiske dokument som arkeologiske funn og skriftlege kjelder.

#### *C. Forskningsbasis*

Eit viktig særtrekk ved namnearkiva ved universiteta og høgskulane er den forskinga som er knytt til dei. Av di desse arkiva har knytt til seg fagfolk med spisskompetanse innom forskningsdisiplinen onomastikk, går det føre seg ein stor forskingsaktivitet knytt til dei. På denne måten får ein stendig ny kunnskap om namn, og dessutan er dei ein viktig base for utvikling av fagdisiplinen onomastikk. For det første driv fagfolka med onomastisk forsking. Dinest representerer studentar og stipendiater, gjennom arbeidet med masteroppgåvane og doktoravhandlingane sine, og dessutan gjennom arbeid med bacheloroppgåver, ein sentral onomastisk forskingspraksis. Vidare representerer namnafagleg kunnskap og innsikt viktige faglege bidrag til andre fagfelt som t.d. historiefaget, der namnekunnskap ofte er av heilt sentral karakter.

#### *D. Undervisningsbasis*

Undervisning ved universiteta og høgskulane skal vera forskningsbasert, og få stader har dette vore så tydeleg som for undervisninga i onomastikk, som har nær samanheng med dei lokale namnearkiva. Dei lokale og regionale arkiva har gjeve grunnlag for undervisningsmateriale, studentoppgåver og studentaktivitetar. Få fag har hatt så nær samanheng mellom undervisning og forsking.

#### *E. Rekrutteringsbasis*

Ved dei akademiske namnearkiva har det utvikla seg gode namnafaglege miljø. Her kan studentane arbeida med oppgåver og studielitteratur og ha lett tilgang til kjelder og fagpersonar, som er heilt naudsynt for å kunna utdanna gode forskaremne. Ikkje minst viktig er at dei studentmiljøa som er

knytte til namnearkiva, trekkjer til seg andre studentar. I tillegg til å vera eit grunnlag for gode fagmiljø er dei ein god og viktig rekrutteringsbasis for nye studentar.

#### *F. Kulturminnebasis*

Namnearkiva har ikkje berre namnegravleg dokumentasjonsfunksjon. Namnearkiva er også ei samling av kulturminne som fortel mykje om vår mentale og materielle for- og samtid. Kvart einskildnamn er, som nemnt, i seg sjølv eit eineståande kulturminne. Vil vi ha større innsikt i den materielle og mentale verda som forfedrane våre levde i, og i vår eiga samtid, er det av avgjerande verdi å ha god namnegravleg kunnskap.

#### *G. Kartnamnbasis*

For å kunna laga nytige, presise og oppdaterte kart er det viktig med eit solid namnegravnnlag. Dette gjeld både karta sin funksjon for stadidentifisering og dessutan arbeidet med normering av skriftformer. Også her spelar namnearkiva ei sentral rolle. Viktige arbeidsområde som postadressegjeving, som er essensiell for geografisk identifikasjon i samband med uttrykking av ambulansemannskap, brannmannskap og politi, må byggja på solid og oppdatert namnekunnskap.

#### *H. Lokalhistoriebasis*

Disiplinane lokalhistorie og namnegransking er nært knytte saman. Med oppdaterte og forskingsbaserte arkiv vil den lokalhistoriske forskinga ha store føremuner når det gjeld å nå fram til ny innsikt og kunnskap.

### **8 Arkiv er «ute»**

Dei seinaste tiåra har det vore mange diskusjonar om framtida til dei akademiske namnearkiva, og i desse diskusjonane er det få argument som har støtta opp under den verdien som arkiva har.

I denne debatten er, vitskapleg sett, arkiv «ute» i dag. Arkiva har inga framtid som dokumentasjonsbase. Dei siste tiåra er det korpus i alle fasongar som er «inne». Korpusetableringar av ulike slag har difor hatt rimeleg gode vilkår, t.d. når det gjeld tildeling av økonomiske midlar frå politikarar og statlege organ.

Arkiv derimot skal stuvest vekk eller slåast saman med andre arkiv i lokalitetar som manglar både fasilitetar, tilgang til relevant utstyr og vitskapleg kompetanse for forsvarleg oppdatering, handsaming, forsking og undervisning. Denne samanslåingstrenden har vind i segla for tida, og denne vinden aukar stendig på, og han kan vera temmeleg vanskeleg å halda seg oppreist i. Myten om at namnearkiva er gamaldagse og representerer fortida, er heilt sentral i denne blesten.

## 9 Nedprioriteringar

Den viktigaste direkte grunnen til den vanskelege situasjonen som dei akademiske namnearkiva er i, er dei omfattande nedprioriteringane som generelt rammar mange humanioraaktivitetar. Dei viktigaste nedprioriteringane knytte til namnearkiva er desse:

- *Ikkje fagleg prioritert.* Ved dei akademiske institusjonane vert namnearkiva fagleg nedprioriterte. Den faglege verdien til arkiva vert ikkje vurdert som interessant verken i undervisningssamanheng eller forskings-samanheng.
- *Ikkje økonomisk prioritert.* For å halda oppe dei akademiske namnearkiva er det naudsynt med ei viss økonomisk basistildeling. Dei siste tiåra har denne tildelinga stendig blitt redusert.
- *Ikkje administrativt prioritert.* Det er ikkje berre fagleg at namnesamlingane vert nedprioriterte; dei vert heller ikkje prioriterte ved tilsetjing av personale som skal gje administrativ brukarstøtte.
- *Ikkje arealmessig prioritert.* Eit slagord som no svært ofte vert knytt til den akademiske arealtenkinga, er *fortetting*. Dette går i særleg grad ut over samlingane. Arkiva disponerer altfor store areal, og difor bør dei flyttast eller slåast saman med andre arkiv.
- *Ikkje sentralt prioritert.* Namnearkiva vert nedprioriterte av sentrale organ frå departement til universitet og høgskular. Det er få eller ingen som står opp til forsvar for dei.
- *Ikkje lokalt prioritert.* Heller ikkje hjå akademiske mellomleiarar og lokale leiarar står nokon opp til forsvar for arkiva. På dette og andre administrative nivå er det ofte dei økonomiske rammene som set ein stoppar for oppretthald og utvikling av namnearkiva.

## 10 Marknadsmekanistisk gaukunge

Ei av dei mest sentrale og direkte årsakene til den vanskelege arkivsituasjonen er den økonomiske modellen som universiteta og høgskulane vert drivne etter i dag.

- *Profittmodell.* Den grunnleggjande økonomiske tenkinga for universitets- og høgskuledrift i dag byggjer på marknadsøkonomiske prinsipp. Etter denne modellen skal dei ulike einingane i den akademiske strukturen gå med økonomisk overskot, det gjeld både undervisning og forsking. Denne økonomiske modelltenkinga passar namnearkiva därleg inn i. Same korleis vi vrir og vender på det, vil ikkje namnearkiva kunna gå med overskot eller kunna generera særleg profitt.
- *Produksjonsmodell.* Dei akademiske institusjonane skal produsera overskot og ikkje vera utgiftspostar. Undervisning og forsking som ikkje gjev «pengar i kassa», skal reduserast eller leggjast ned. Det er ikkje få fag som i det siste har fått dén lagnaden ved norske institusjonar.

- *Utgiftspost.* I dette perspektivet er namnearkiva ein klar utgiftspost. Dei produserer ikkje noko økonomisk overskot, og dei disponerer for store areal. Difor er dei altfor kostesame innom den rådande økonomiske modelltenkinga.

- *Studiepoengproduksjon.* No er det slik at dei humanistiske faga generelt har få og avgrensa høve til å skapa særlege økonomiske overskot. Den viktigaste inntektskjelda er knytt til studiepoengproduksjonen. Og sjølv om arkiva kan fungera rekrutterande, vert dei ikkje kopla opp mot studiepoengproduksjonsparametene.

- *Eksamensproduksjon.* Etter den rådande modellen vert studiepoengproduksjonen knytt til avlagde eksamenar, men heller ikkje han gjev utteljing for namnearkiva.

- *Publiseringproduksjon.* I tillegg til studiepoengproduksjonen er det nesten berre publiseringspoeng frå vitskapleg publiserte artiklar og bøker på anerkjende forlag og i anerkjende tidsskrift som kan gje inntekter innom humaniora. Også her fell arkiva utanom.

## 11 Utfordringar

Utfordringane er mange og alvorlege, og i dag er det få av desse som på kort sikt ser ut til å la seg løysa. Dei viktigaste er desse:

- *Marknads- og produksjonsfilosofien.* Så lenge den økonomiske marknadsøkonomien rår ved dei akademiske institusjonane, vil namnearkiva ha dårlege vilkår og gå ei svært usikker framtid i møte.

- *Spreiinga av arkiva og arkivheterogeniteten.* Fortettingsfilosofien rammar ikkje berre arealsituasjonen lokalt, men også nasjonalt. I denne samanhengen vert dei små lokale arkiva vurderte som uinteressante. Dinest vert dei ramma av eit fagleg effektivitetsargument, som elles rår i den akademiske verda: Store einingar er mest fagleg effektive og slagkraftige. Difor bør det koma ei nasjonal arkivsentralisering i tillegg til den lokale sentraliseringa. Fordelen med lokale arkiv, med tanke på m.a. forskings-, undervisnings- og rekrutteringseffekten, vert det sett bort frå i denne samanhengen.

- *Drifting, losji, teknologi og brukarstøtte.* I kampen om namnearkiva er faktorane drifting, losji, teknologi og brukarstøtte sentrale. Eit minimumskrav er fagleg forsvarleg drifting, tenlege losjtilhøve, oppdatert teknologi og effektiv brukarstøtte.

- *Hovudkrav.* Hovudkravet for namnearkiva er at dei skal vera *aktive arkiv*. Det tyder at dei skal vera fagleg produktive på mange område: Det må gå føre seg 1) kontinuerleg innsamling, 2) namna må bearbeidast fagleg forsvarleg, 3) namna skal arkiverast etter vitskaplege retningslinjer, 4) arkiva skal ha gode formidlingstilhøve, 5) arkiva skal vera lett tilgjengelege for forskarar, studentar og publikum, 6) det må vera fagleg spisskompetanse knytt til arkiva, 7) det skal føregå forsking i tilknyting til dei, 8) dei

må ha moderne utstyr og teknisk kompetanse, 9) arkiva må ha kontinuerleg teknisk drifting, og 11) arkiva må vera integrerte i nasjonale, nordiske og internasjonale vitskaplege nettverk.

- *Stillingar, kompetanse og kunnskap.* Ei sentral utfordring, i tillegg til dei materielle, er faglege stillingar knytte til arkiva som garanterer eit minimum av kompetanse og kunnskap.

- *Argumentasjonsbank.* Det vil vera ein lang og seig kamp for å koma desse utfordringane i møte og å løysa dei problema som desse utfordringane representerer. Difor bør det oppretta ein argumentasjonsbank.

## 12 Strategiar

Det er heilt naudsynt at det nasjonale namnemiljøet står samla og arbeider strategiar som kan vera med på å nærma seg og løysa dei utfordringane som er skisserte her. Sjå Inge Særheims artikkel i dette heftet.

## 13 Alternativ<sup>1</sup>

Så lenge den marknadsorienterte økonomiske finansieringsmodellen rår på den akademiske arenaen, spørst det kva for alternativ som finst til den arkivsituasjonen som finst i dag. Her er dei mest aktuelle framlegga som har vore oppe til diskusjon i norske namnefaglege miljø:

- *Universitet og høgskular.* Slik situasjonen er i dag, ser det ut for at namnearkiva går ei svært dårlig framtid i møte på den akademiske arenaen. Når den økonomiske grunnmodellen for finansiering av akademiske aktivitetar vil verta avløyst av ein meir arkivvenleg politikk, er det uråd å spå noko om. Slik sett kan det sjå ut for at namnearkiva bør finna seg andre vertar enn dei akademiske institusjonane.

- *Nasjonalt senter.* Kan det finnast eit funksjonelt nasjonalt namnearkivalternativ knytt til eit av universiteta våre, som t.d. Oslo eller Bergen? Døme på ei slik nasjonal løysing finst i Danmark knytt til Nordisk Forskningsinstitut ved Københavns Universitet. Her finst p.t. i dag fire vitskapleg tilsette, og det er lyst ut to stillingar til. Ei slik løysing er det ikkje rom for innom den eksisterande finansieringsmodellen i Noreg.

- *Nasjonale senter.* I Sverige er namnearkiva løyste frå universitetsstrukturen og skilde ut som ei eiga sjølvstendig eining, Institut för språk och folkminnen, som har senter i Umeå, Uppsala, Göteborg og Lund. Til desse er det knytt eit stort korps av fagleg personale. Å få til ei slik løysing i Noreg krev store økonomiske utloge, og dessutan vil opprettinga av ein tilsvarande norsk institusjon krevja langvarige forhandlingar der utfallet er i høgste grad usikkert. Alternativet er difor neppe verken særleg realistisk eller aktuelt i Noreg.

---

<sup>1</sup> Jamfør Ole-Jørgen Johannessens artikkel «Situasjonen for navnegranskning ved universiteter og høgskoler» i *Nytt om namn* 55 (2012), s. 46–49.

- *Kartverket*. Det norske Kartverket kunne kanskje ha vore eit alternativ med tanke på finansiering og mannskap, men her ville mange av føresetnadene som er nemnde under punkt 11 ovanfor, vera fråverande, slik at dette alternativet heller ikkje er aktuelt.

- *Språkrådet*. Ole-Jørgen Johannessen (2012, s. 48) kastar fram idéen om at Språkrådet kan ta over ansvaret for dei akademiske arkiva. Då flyttar ein arkivutfordringa frå Kunnskapsdepartementet til Kulturdepartementet, der Språkrådet høyrer heime. Slik kan ein kanskje koma seg ut av den marknadsøkonomiske klemma samstundes som arkiva vert lagde til eit språkleg ansvarleg organ med språkleg kompetanse. Av dei alternativa som er presenterte her, er kan henda dette det mest realistiske og fagleg fornuftige, men også i dette tilfellet vil det vera ein svært lang veg fram til at alternativet kan materialisera seg som noka reell løysing og praktisk.

## 14 Framtida

Konklusjonen på denne artikkelen må bli at framtida for dei norske namnearkiva ser nokså dystre ut. Utviklinga dei seinaste åra har vore i disfavør for dei akademiske namnearkiva våre. Dei rådande økonomiske rammevilkåra tener namnearkiva därleg, og dessutan er det vanskeleg å sjå realistiske alternativ til den eksisterande akademiske losjen – i alle fall innom eit rimeleg overkomeleg tidsperspektiv.

## Litteratur

- Johannessen, Ole-Jørgen. 2012. Situasjonen for navnegransking ved universiteter og høgskoler. *Nytt om namn* 55, s. 46–49.  
 Særheim, Inge. 2013. Norsk navnegransking 2012. Den akademiske situasjonen. *Nytt om namn* 57, s. 12–16.

Gunnstein Akselberg  
 gunnstein.akselberg@lle.uib.no

## PROSJEKT FOR DIGITALISERING AV NAMNEMATERIALE – DØME PÅ TILTAK FOR REVITALISERING AV NAMNESAMLINGANE

På konferansen til Norsk namnelag 23. november 2012 la eg fram ei skisse til eit prosjekt for digitalisering av namnemateriale. Denne prosjektskissa skulle tena som døme på tiltak som kan revitalisera namnesamlingane. Dei som har utvikla dette prosjektet, er Tom Schmidt, Christian-Emil Ore og eg sjølv.

Utgangspunktet er at dei vitskaplege språksamlingane ved Universitetet i Oslo er under press og at forskingsmiljøet mister stillingar. Då trengst det tiltak for å sikra ei forsvarleg og forskingsbasert forvaltning av stadnamnsamlingane. Dette ligg òg inne i ILNs strategiske plan for perioden, så slike tiltak er prioriterte av institusjonen sjølv. For å realisera desse strategiske måla trengst det gode prosjekt som synleggjer samlingane og som kan gjera det store materialet tilgjengeleg i ei ny tid. Det er vesentleg både for forsking i namn (som språkleg dokumentasjon og som immaterielle kulturobjekt) og for forvaltninga av stadnamnlova at samlingane er tilgjengelege og i utvikling også i framtida. For å sikra tilgjengeleggjering av materialet for språkforskarar (medrekna namneforskarar) og andre brukarar nasjonalt og internasjonalt, er det ein føresetnad at det ligg føre i digital, søkbar form.

Namnesamlingane omfattar m.a. ei samling med 100 000 setlar (gards- og bustadnamn) som blei skanna i 1995. Vidare er om lag 450 000 setlar og om lag 3000 originalkart (innsamlingskart) frå UiO skanna, saman med om lag 300 000 namnesetlar frå Universitetet i Bergen. Dette skjedde i perioden 2004–2005, og tiltaket var finansiert av Forskningsrådet. Alle namna i materialet er registrerte med oppslagsform og lokalisering. I tillegg har namnearkivet i Oslo omfattande namnemateriale som er digitaliserte og analyserte sidan 1980-talet. Dette materialet er det viktig å sikra at blir konvertert til moderne og kompatible format, slik at det kan gjerast tilgjengeleg saman med dei andre digitale delsamlingane.

Prosjektplanen vår tek utgangspunkt i at digitaliseringa og analysen av materialet må fullførast. Etter det bør det struktureraast etter prinsippa for Norsk Ordboks metaordbok. Denne metaordboka er ein elektronisk indeks der digitalisert materiale frå dei vitskaplege språksamlingane ved Universitetet i Oslo er lagt inn. Materialet ligg i eit relasjonelt databasesystem og er i Metaordboka samsortert under normerte oppslagsformer. Ein slik indeks gjer det mogleg å samsortera materiale frå mange ulike kjelder, og for namnedokumentasjonen sin del vil det altså kunna omfatta både eldre og nyare kjeldemateriale, setlar, lister og alfabetisk eller geografisk ordna materiale, inkludert artiklar frå *Norske Gaardnavne* og *Bustadnavn i Østfold* osv., osv.

Organiseringa av materialet i ein slik elektronisk indeks vil gje mange vinstar. Tiltaket ville representera gjenbruk av eksisterande, gjennomtesta og velfungerande elektronisk verktøy utvikla til handtering av store datamengder. Det vil vera mykje mindre kostnadskrevjande enn å utvikla eit nytt verktøy. Det vil vera ein stor fagleg vinst i å sy saman namnesamlingane med ordsamlingane frå dei nynorske språksamlingane. Dette vil gje namnematerialet både meir synleg og meir relevant også for andre språkforskarar. Arbeidet med digitalisering, tilrettelegging og normering av materialet vil kunna leggja til rette for ei ny utgåve av *Norsk stadnamn*.

*leksikon.* Redigering av ei slik nyutgåve i den elektroniske ordboksapplikasjonen utvikla i Norsk Ordbok 2014-prosjektet og med elektronisk samankopling med ei underliggende «namne-metaordbok» vil gje ei ny utgåve med full tilgang til underliggende kjeldemateriale. I ordboksapplikasjonen ligg det dessutan verktøy til utrekning av artikkelenfang og til artikkellutval basert på materialgrunnlag, og dette ville også vera til stor lette i arbeidet.

Åse Wetås  
ase.wetas@iln.uio.no

## STEDSNAVNARKIVET I OSLO OG SPRÅKRÅDETS STEDSNAVNTJENESTE

Sekretæren for stedsnavntjenesten for Østlandet og Agderfylkene har kontor ved tidligere Seksjon for navnegransking ved Universitetet i Oslo og er avhengig av stedsnavnarkivet ved seksjonen i sitt arbeid. Grovt sett består dette arkivet av følgende:

- Herredsregisteret og seternavnarkivet, som består av omtrent 450 000 arkivkort med navn og varierende mengde opplysninger. Alle arkivkortene er skannet og ligger søkbart tilgjengelige på internett ([www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=93&tabid=1383](http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=93&tabid=1383)). Selv om materialet er tilgjengelig på internett, er det i noen tilfeller likevel nødvendig å gå til originalkortene, f.eks. på grunn av skjev skanning.
- Bustadnamnarkivet, som består av omtrent 100 000 arkivkort med opplysninger om bostedsnavn i store deler av landet (tolv fylker). Dette materialet er per i dag kun tilgjengelig på papir.
- Bibliotek med blant annet gamle matrikler (1886 og 1905 i bokform, 1838 på mikrofilm), *Norske Gaardnavne* (også tilgjengelig på internett: [www.dokpro.uio.no/rygh\\_ng/rygh\\_felt.html](http://www.dokpro.uio.no/rygh_ng/rygh_felt.html)), en del bygdebøker og oppslagsverk av typen *Innsjønamn i Hedmark* og *Norske sæternamn*.
- Kart, skolebarnsoppskrifter, hovedoppgaver og andre større og mindre innsamlinger.
- Matrikkelutkastet fra 1950, som også er tilgjengelig på internett ([www.dokpro.uio.no/cgi-bin/stad/matr50](http://www.dokpro.uio.no/cgi-bin/stad/matr50)).

Hvilke kilder og hva slags arkivmateriale sekretæren bruker, avhenger av hva slags navnesaker som skal behandles:

I adressenavnsaker (som det er flest av for tiden), brukes i hovedsak Sentralt stedsnavnregister (SSR), ettersom de fleste veinavnene tar utgangs-

punkt i allerede eksisterende navn, og dermed må sjekkes opp mot den offisielle skrivemåten av disse.

I saker som gjelder søknader om adressetilleggsnavn, er de gamle matriklene, *Norske Gaardnavne* og matrikkelutkastet fra 1950 viktige, siden disse sakene for en stor grad gjelder å fastslå om et navn er gammelt nok til å benyttes som adressetilleggsnavn.

I saker som gjelder gårds- og bruksnavn, er *Norske Gaardnavne* hovedkilden, men også eldre matrikler, opplysninger i herredsregisteret, bustadnamnarkivet og bygdebøker er nyttige.

I saker som gjelder naturnavn, er herredsregisteret og oppslagsverk av typen *Innsjønamn i Hedmark* viktige.

Line Lysaker Heinesen  
sekretær for stedsnavntjenesten for Østlandet og Agderfylkene  
[l.l.heinesen@iln.uio.no](mailto:l.l.heinesen@iln.uio.no)

## ET BLIKK FRA SPRÅKRÅDET

De som har hatt ordet og holdt hovedinnlegg på denne konferansen, har tegnet et alvorstynt bilde av situasjonen for navnegransking i Norge. Det har variert litt hvor stor vekt de har lagt på sin bekymring for framtiden, men det er tydelig ut fra det de har brakt fram, at det må tenkes godt i tiden framover. Navnegranskerne ved universitetene blir ikke erstattet med yngre navnegranskere når de går av med pensjon.

Språkrådet, som har det administrative ansvaret for stedsnavntjenestene for norsk og kvensk, følger denne utviklingen nøye. Navnekonsulentene som er knyttet til kontorene i Oslo, Bergen, Trondheim, Tromsø og Alta (sistnevnte for kvenske navn), må være dyktige fagpersoner som kan utøve sine plikter etter stedsnavnloven med autoritet. De fleste av dem som er navnekonsulenter i dag, er faktisk pensjonister, og vi skal være glade for at disse ressurspersonene velger å fortsette å bruke av sin kapasitet til beste for en god stedsnavnforvaltning.

I tillegg til at vi altså trenger å kunne knytte til oss navnekonsulenter og navnesekretærer som har den nødvendige kompetansen for sitt lovpålagte arbeid, har Språkrådet også en mer generell interesse av at det finnes navnegranskende kompetanse i Norge. Navn er ikke minst kulturhistorisk en sentral del av språket, og for et språksamfunn er kunnskap om navn viktig både for den kollektive selvfølelsen og som del av grunnlaget for en god språkrøkt. Den kunnskapen som navnegranskerne skaffer til veie, bidrar derfor også til at vi kan drive en god språkpolitikk i landet.

Det er solid dokumentert her i dag at universitetene ikke ser seg i stand til å prioritere navnafaget under de rådende forhold. Tiden er derfor inne til å tenke prinsipielt og i fellesskap på hvordan vi kan sikre et godt navnearbeid også i framtiden. Hva kan påvirke universitetenes prioriteringer? Hva slags finansieringssystem er det mest bærekraftige? Hva slags institusjonstilknytning er den optimale?

I en slik tenkeprosess er Språkrådet naturligvis rede til å være med og dele våre erfaringer. Og om det i prosessen skulle komme forespørsler til oss om å innta andre roller i navnearbeidet enn dem vi har i dag, vil vi forholde oss til slike spørsmål med åpent sinn. For oss er det viktigste i denne sammenheng at den navnafaglige kompetansen i Norge ikke blir borte, men fortsatt holder et høyt kvalitetsnivå og er tilgjengelig for samfunnet, til beste for navneforvaltningen og den allmenne språkpolitikken.

Arnfinn Muruvik Vonen  
direktør i Språkrådet  
[arnfinn.muruvik.vonen@sprakradet.no](mailto:arnfinn.muruvik.vonen@sprakradet.no)

## STADNAMNTENESTA

### **OPPSUMMERING AV SAMRÅDINGSMØTET 2012** **Tromsø 29.–31. oktober 2012**

Helt siden lov om stadnamn trådte i kraft i 1991, har Språkrådets stedsnavntjeneste og Kartverket møttes én gang i året til sitt såkalte samrådingsmøte. Arrangementet har ofte vært holdt i Oslo eller andre steder på Østlandet. Men vi ønsker også å bevege oss til andre deler av landet. I 2012 stod Tromsø for tur, og møtet ble holdt 29.–31. oktober på Hotel With. Stedsnavntjenesten i Tromsø ved sekretær Astrid Sann Evensen var hovedarrangør, med god hjelp fra Kartverkets stedsnavnansvarlige for Nord-Norge, Aud-Kirsti Pedersen. Siden Nord-Norge var valgt som møteplass, pekte «Stedsnavn og flerspråklighet» seg ut som et naturlig hovedtema. 32 personer deltok, også noen inviterte utenom Språkrådet og Kartverket.

Undertegnede hadde oppgaven med å oppsummere på slutten av møtet. Oppsummeringen følger her nedenfor.

Etter særsmøter for både Stedsnavntjenesten og Kartverket tidligere på dagen startet selve samrådingsmøtet på ettermiddagen første dag med besøk i de samiske utstillingene på Tromsø museum. Førsteamanuensis Terje Brantenberg var en svært engasjert og kunnskapsrik omviser.

Dagen etter, 30. oktober, begynte vi med en kort åpning av Astrid Sann Evensen før Kartverkets Aud-Kirsti Pedersen åpnet fagforedragene med et

teoretisk vinklet innlegg, «Flerspråkliget og stadnamn». Hun diskuterte og definerte begreper som «flerspråkliget», «språkkontakt» og «lån av stedsnavn». Kaisa Rautio Helander fra Samisk høgskole fulgte opp med innlegget «Stedsnavnlovens muligheter og utfordringer for samiske stedsnavn i offentlig bruk», der hun påpekte at stedsnavnloven er et svært viktig virkemiddel for å få muntlig, flerspråklig tradisjon i offentlig bruk, ikke minst trespråklig navnebruk. Dette ble fulgt opp av Irene Andreassen fra kvensk stedsnavntjeneste, som fortalte om tidligere «usynlighet» av kvenske navn. Først i 1994, nettopp som en følge av stedsnavnloven, kom kvenske navn på de offentlige kartene.

Deretter orienterte Sindre Vaagland fra Kartverket om «Kartverkets arbeid med ‘nytt SSR’ (Sentralt stedsnavnregister); database og forvaltningsløsning». Vi er usikre på hva «barnet» SSR skal hete når det etter planen skal knyttes sammen med andre stedsnavndatabaser (fylkesinnsamlinger m.m.), noe som for øvrig byr på en del utfordringer. Fra Kartverkets side kunne så Johnny Andersen presentere «Kartverkets visningstjenester for stedsnavn». Disse har vi snakket om i mange år. Endelig kan vi vise noe som vi er stolte av!

Etter at Botolv Helleland hadde orientert kort om arbeidet i UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names), slapp Irene Andreassen igjen til med en orientering om «Kvensk stedsnavndatabase». Arbeidet har kommet ganske langt, men det trengs ressurser til koordinatfesting bl.a. med tanke på kobling mot det «nye SSR». Kan dette være en aktuell studentjobb/sommerjobb?

Så fikk vi flere innlegg fra «grasrota». Asbjørg Skåden fortalte underholdende om «Arbeidet med å få samiske stedsnavn i offentlig bruk i tre kommuner i Sør-Troms» (Evenes, Tjeldsund og Skånland). Reodor Felgenmetoden er brukt, dvs. kopiblyant og pulverkaffe! Niklas Labba, som leder Gáisi språksenter i Tromsø kommune, la vekt på at «Arbeidet med samiske stedsnavn i Tromsø kommune» er mye mer enn samisk navn på Tromsø kommune. Han viste eksempler på hvordan samiske naturnavn svært ofte er terrengbeskrivende og dermed er kulturminner som er egnet til kommunikasjon, og at de overfører kunnskap mellom generasjonene. Siste foredrag denne dagen var av Yngve Johansen fra Isak Saba språksenter i Nesseby. Han viste sin visuelle og svært pedagogiske CD-rom «Rákkonnjárga – en presentasjon av stedsnavn, kultur og tro».

Neste dag startet Johnny Andersen med å orientere om «Navnsetting på kart – overgangen fra fornorskningstid til ny tid». Han fortalte om gamle forordninger og instrukser som NGOs/Kartverkets folk måtte forholde seg til. Johnny oppfordret til bruk av Kartverkets unike arkivmateriale, som etter vår mening er altfor lite brukt i forskningsøyemed. Nina Skjellerud, også fra Kartverket, fortsatte med «Ajourføring av stedsnavn i N50 Kartdata – N5000 Kartdata, kartredaktørens utfordringer med temalag

stedsnavn». Alle stedsnavn hentes fra SSR. For å få kartene best mulig er kartredaksjonen dermed avhengig av løpende oppdatering av SSR, som igjen krever godt samarbeid med kommunene og andre offentlige organ, bl.a. Vegvesenet. På møtet var denne etaten representert av Kurt Stormo fra avdelingskontoret i Alta. Han fortalte om «Vegvesenet i Finnmark sin erfaring med flerspråklig skilting». Trafikksikkerhet har alltid øverste prioritet i Vegvesenets arbeid og brukes ofte som argument mot mye tekst (dvs. mange navn) på skiltene. Ellers nevnte han problemene med mange trykkfeil i samiske navn på skilt. Line Merete Skarvik fra Árran lulesamisk senter fortalte om «Pitesamiske stedsnavn». Pitesamisk er utdødd som språk i Norge, men lever i stedsnavna. Målet er å sette disse navna på kartet, både billedlig og bokstavlig.

Neste emne handlet om adressering, nærmere bestemt «Parallelle navn på flere språk brukt som offisielle vognavn og adresse – hvorfor/hvorfor ikke?» Finn Isaksen fra Kartverket fortalte at adresseregelverket i dag, av sikkerhetsmessige grunner, ikke gir åpning for slike parallelldøgn. Men på grunn av mange henvendelser vil dette bli et høringsstema når matrikkelforskriften snart skal revideres.

I siste bolken av møtet stilte Botolv Helleland spørsmålet «I kva høve og kva grad kan dobbeltformer av stadnamn aksepteras? – t.d. *Glomma/Glåma, Kverner/Kværner, Folum/Follum*». Problemstillingen er om en kan akseptere slike dobbeltformer som har vært i bruk side om side i lang tid, eller om en skal reise navnesak for å få vedtatt én skrivemåte. Avslutningsvis holdt Aud-Kirsti Pedersen innleggget «Offentleg bruk av stadnamn i Noreg – regulert av lov om stadnamn eller haldningar?» Hun viste at holdninger har svært mye å si. Striden om skrivemåten av gårds- og bruksnavn, der det ofte er motbør mot å legge dialektuttalen til grunn for skrivemåten, viser at norske dialekters statusheving fra og med 1970-tallet ikke har inkludert dialektuttalen av disse navna. Også når det gjelder offentlig bruk av minoritets-språklige navn, et annet viktig felt i loven, kommer holdninger til syne. Men her er det ikke skrivemåten, men derimot selve bruken, som er problemet.

Anne Svanevik  
anne.svanevik@kartverket.no

## **REFERAT FRA STEDSNAVNTJENESTENS INTERNMØTE MANDAG 29. OKTOBER 2012**

Stedsnavntjenesten hadde et eget møte på ettermiddagen den første dagen der spesielt spørsmålet om behov for å reise navnesak ble tatt opp. Eli Johanne Ellingsve informerte om praksis ved Stedsnavntjenesten i Midt-

Norge og framholdt at de hadde en proaktiv holdning på dette punktet, og at det årlig reises en rekke saker overfor vedtaksorganene, for eksempel når det avdekkes feil i enkeltnavn på kart, skilt og i media. Kontoret har også reist saker i forbindelse med kartserier, bl.a. navn på alle sjøkart i arbeidsområdet og navn på alle norske fyrstasjoner.

Ved reising av navnesak søker tjenesten ofte kontakt med lokale navnebrukere (gjennom historielag og andre grupper), både for å innhente informasjon og for å øke lokal bevissthet. Kapasiteten til å reise egne saker er for tida noe redusert som en følge av mange vegnavnsaker, men det reises også saker i vegnavnsammenheng for å kunne avgjøre innstilling for denne navnegruppa. Erfaringen er at det kan være liten kunnskap i kommunene om adgangen til å reise navnesak og hvordan dette kan gjøres, slik at Stedsnavntjenesten har en viktig oppgave å ivareta her.

Siden mange navnesaker for tida dreier seg om adressenavn, ble dette punktet sentralt på møtet. Vi diskuterte hvordan praksisen ved slike saker var ved de forskjellige avdelingene og utvekslet erfaringer med gjennomføringen av den nye matrikkellova. For å kunne gjennomføre den nye matrikkellova er det for tida lagt opp til en forenklet saksgang i vegnavnsaker. En slik forenklet saksgang i adressenavnsaker har også departementet godkjent i et skriv. Stedsnavntjenesten er bedt om å være mer restriktiv når det gjelder å opprette navnesaker i forbindelse med vegnavnsaker for tida. Siden de aller fleste innbyggerne i Norge skal få en vegadresse innen 2015, er det mange kommuner som nå har større vegnavnsaker på gang. Men selv om det åpnes for en noe forenklet saksgang, skal alle navnesakene like fullt sendes til Stedsnavntjenesten for tilråding. I mange saker vil det også være nødvendig å velge mellom flere godkjente former. Det vil fortsatt være stedsnavn det bør opprettes sak for, og det var stor enighet om at vi like fullt må fortsette å reise navnesaker når det er behov for det, også i forbindelse med de pågående vegnavnsakene.

Det ble også diskusjon om at det ved de ulike avdelingene av stedsnavntjenesten er en noe ulik praksis når det gjelder å tilrå endelsen *-veien/-vegen* eller ikke. Noen av stedsnavntjenestene tilrår i de fleste adressenavnsaker endelsen *-veien/-vegen*, mens andre i større grad åpner for å bruke stedsnavna uten slike etterledd.

Det ble tatt opp på møtet at mange bruksnavnsaker står på vent foreløpig, i påvente av eventuell lovendring i lov om stadnamn. Dette var tilfellet ved alle de ulike kontorene, og det kan være et problem i noen saker. Det har heller ikke blitt behandlet så mange klagesaker når det gjelder bruksnavn det siste året. I disse sakene venter vi på at lovendringsforslaget skal behandles ferdig i Kulturdepartementet.

## REFERAT FRA FELLESMØTET ONSDAG ETTERMIDDAG 31. OKTOBER 2012

Botolv Helleland stilte først spørsmålet om en bør benytte flere skrivemåter av samme stedsnavn i innlegget «I kva hove og kva grad kan dobbeltformer av stadnamn aksepterast? – t.d. *Glomma/Glåma, Kverner/Kværner, Folum/Follum*». Stedsnavnutvalget la til grunn at hvert stedsnavn i landet skulle ha én fastsatt skrivemåte i sin innstilling fra 1983 (NOU 1983:6 Stadnamn). Men så lenge det ikke er gjort navnevedtak etter lov om stadnamn fra 1990, har man hatt alternative skrivemåter for en rekke stedsnavn (fra Økonomisk kartverk, Sjøkart, N50-kart m.m.). I framlegget til ny paragraf i lov om stadnamn har Kulturdepartementet dessuten nå åpnet for både dobbelt- og trippelformer av samme navn. Det er usikkert hva resultatet vil bli.

Spørsmålet om dobbeltformer eller flere skrivemåter er imidlertid relevant også før en eventuell lovendring, i og med at det i mange tilfeller finnes mer enn én godkjent form. I noen tilfeller finnes det dobbeltformer som har bakgrunn i de to norske måla, f.eks. *Noreg/Norge, Austlandet/Ostlandet* og *Aust-Finnmark/Øst-Finnmark*. *Glåma/Glomma* har også delvis bakgrunn i målskillet, men Kartverket praktiserer her en språklig/geografisk fordeling, med *Glåma* i Sør-Trøndelag og det meste av Hedmark og *Glomma* nedenfor. *Majorstua/Majorstuen* er et annet eksempel på mye brukte dobbeltformer. Så lenge det ikke er gjort vedtak, er begge godkjente og offisielle. En har også eksempler på at samme navn vedtas med ulike skrivemåter av ulike vedtaksorganer. Et eksempel er *Bluren* som naturnavn og Kartverket som vedtaksmyndighet, men *Blurnes* (grend) og *Blurnesveien* (veinavn) med kommunen som vedtaksmyndighet. Helleland stilte da spørsmålet om en bør ta opp navnesaken på nytt for å få avklart riktig form.

Mange nye adressenavn har et gårdsnavn som førsteledd der kommunen ønsker en skrivemåte av dette leddet som samsvarer med etternavnet til grunneier. Det er da et problem at mange kommuner gjør vedtak om skrivemåte uten å følge gjeldende framgangsmåte i lov om stadnamn. Helleland stilte spørsmål om hva Kartverket og Språkrådet skal gjøre i slike tilfeller. Skal vi reagere med å reise navnesak? Og kan det tenkes at dagens politiske klima vil føre til at kommunene gis rett til å gjøre vedtak uten å følge reglene som nå gjelder for normering av førsteleddet? Samme hva utfallet av den foreslalte lovendringa blir, må en regne med at det blir mer aktuelt å operere med et flerformsprinsipp.

Etter Botolv Helleland holdt Aud-Kirsti Pedersen innlegget «Offentlig bruk av stadnamn i Noreg – regulert av lov om stadnamn eller haldningar?». Hun beskrev to problemområder; det første er normering av norske gårds- og bruksnavn, og det andre er offentlig bruk av minoritetsspråklige steds-

navn. Disse problemområdene er beslektet og har med språkkontakt å gjøre.

Gårds- og bruksnavn har ofte lang og variert skriftradisjon. Dette gjelder f.eks. navnet *Ausa* (uttale *øuso*), som blant annet har hatt skrivemåtene *At Auso* (1340), *Auszenn* (1567), *Aaßenn* (1610), *Ossenn* (1614), *Øußenn* (1661) og *Ousen* (1723). Når det gjelder normering av slike gårds- og bruksnavn i dag, er det mange eksempler på at brukseier ønsker en skrivemåte basert på tidligere, gjerne danskpåvirka, skrivemåter eller former som samsvarer med skrivemåten av eget etternavn, heller enn former som er korrekte etter lov om stadnamn. Eksempel på slike uønska normeringer er *Dyrendahl* (for *Dørndalen*), *Opsal* (for *Oppsal*) og *Vold* (for *Voll*). I disse sakene spiller folks holdninger og oppfatninger en stor rolle. Man ønsker gjerne en dialektnær skriftform av naturnavn, men en tidligere skrivemåte for bruksnavn. Når det gjelder ønska skrivemåte av bruksnavn, blir uttalen uvesentlig, og nedarva uttale passer kun i uformelle, muntlige sammenhenger. Norske dialekters statusheving fra og med 1970-tallet har altså ikke inkludert dialektuttalen av disse navna. Det er derfor i mange tilfeller en sterk misnøye med offentlig normering av bruksnavna.

Holdninger spiller også en stor rolle når det gjelder folks syn på offentlig bruk av samiske og kvenske stedsnavn. Det ble gjort vedtak om å sette disse til side på 1800-tallet. Fra 1850-tallet og utover ble det ført en fornorskingspolitikk, hvor man introduserte norske navn der de tidligere ikke fantes. En konsekvens av dette ble negative holdninger rettet mot samisk og kvensk språk og etnisitet – også blant samer og kvener. Samisk språkbruk ble innskrenket til det private/muntlige, mens man mente at norsk språk og norske stedsnavn skulle benyttes i offentlig bruk. Dette er og var en utbredt holdning både innenfor gruppen selv og utenfor. Det oppstår derfor sterke reaksjoner når dette synet utfordres, og det er vanskelig å få samiske og kvenske stedsnavn inn i offentlig bruk. Man har sett reaksjoner som for eksempel skudd på skilt og tilskitning av skilt der samiske og kvenske navn står, samt trusselbrev.

Disse to problemene har visse fellestrek. Begge kan knyttes til språkkontakt, enten det gjelder majoritetsspråk mot minoritetsspråk, eller norsk talemål mot dansk skriftspråk. Norsk talemål har tidligere blitt sett på som vanskapt dansk. I dag er norsk talemål oppvurdert, men denne oppvurderingen omfatter ikke stedsnavna. Talemålsformer av stedsnavna skal ikke brukes offentlig, kun muntlig og privat. Skriftspråket og gamle (danske) skrivemåter blir styrende for hvordan man ønsker at stedsnavna skal normeres. Det oppstår en diglossi-situasjon, og eldre, ofte utdaterte skriftspråksformer får dermed høyere prestisje enn gjeldende rettskriving basert på dialektuttalen. Man ønsker f.eks. former som *Hvaleng*, *Dahl* og *Hveem* i stedet for *Kvaleng*, *Dal* og *Kvem*. Når det gjelder kvenske og samiske stedsnavn, er det ikke selve skrivemåten som er problemet, men bruken.

Man mangler ofte en offentlig navnebruk i tråd med lov om stadnamn, og praksis er ulik i ulike offentlige etater. Kartverket følger opp loven, men oppfølgingen er varierende i Statens vegvesen og i kommunene. Posten følger ikke opp loven. Konklusjonen til Pedersen er at det likevel står bedre til med det minoritetsspråklige enn for gards- og bruksnavn.

Til slutt i bolken holdt Anne Svanevik en oppsummering av møtet, se ovenfor.

Kjersti Bruvoll  
[kjersti.bruvoll@ntnu.no](mailto:kjersti.bruvoll@ntnu.no)

## **ADRESSERING I KOMMUNENE SISTE HALVDEL AV 2012**

Stedsnavntjenesten for Østlandet og Agderfylkene har i perioden 1.7.2012–31.12.2012 fått ca. 600 nye adressenavn til vurdering fra 23 forskjellige kommuner (se liste nedenfor). Tallet er omtrentlig, ettersom noen kommuner har foreslått flere navn på hver adresseparsell eller har endret forslagene i ettertid. Mengden navn som ble sendt fra hver kommune, varierte fra ett til over 150.

Ut fra de tilbakemeldingene jeg har fått, følger kommunene våre tilrådinger i en del av tilfellene der vi har foreslått en annen skrivemåte enn det kommunen ønsker, men slett ikke alltid. Det er også mange kommuner som ikke sender de endelige vedtakene til oss, så det er vanskelig å si noe mer nøyaktig om hvor ofte tilrådingene blir fulgt. Jeg vet heller ikke i hvor stor grad kommunene melder inn navnene til SSR. Nedenfor følger en alfabetisk liste over kommunene som har levert navnesaker til oss.

Arendal – 1 navn; Asker – 2 navn; Askim – 4 navn; Bykle – 12 navn; Bærum – 2 navn; Eidskog – 1 navn; Gran – 3 navn; Grimstad – 14 navn; Lillesand – 5 navn; Lunner – 49 navn; Nittedal – 2 navn; Nord-Odal – 5 navn; Oslo – 2 navn; Ringerike – 43 navn; Rollag – 62 navn; Røyken – 2 navn; Sigdal – 179 navn; Sør-Aurdal – 1 navn; Tønsberg – 2 navn; Vestby – 2 navn; Vinje – 57 navn; Våler (Hedmark) – 53 navn; Øyer – 100 navn.

Line Lysaker Heinesen  
[l.l.heinesen@iln.uio.no](mailto:l.l.heinesen@iln.uio.no)

Stedsnavntjenesten for Midt-Norge fikk i perioden 1.7.2012–31.12.2012 inn 1149 nye adressenavn til vurdering fra 21 forskjellige kommuner. Mange av disse adressenavna kom inn i siste halvdel av desember (440

adressenavn). Mengden navn som ble sendt fra hver kommune, varierte fra ett til 174 vognavn:

- Møre og Romsdal (210 navn):
  - Halsa: 10; Nessa: 159; Surnadal: 7; Midsund: 29; Gjemnes: 5
- Nord-Trøndelag (416 navn):
  - Lierne: 10; Vikna: 103; Inderøy: 13; Overhalla: 115; Leka: 44; Steinkjer: 13; Levanger: 118
- Sør-Trøndelag (89 navn):
  - Trondheim: 11; Hitra: 29; Orkdal: 39; Melhus: 10
- Nordland (434 navn):
  - Meløy: 68; Vevelstad: 29; Brønnøy: 140; Bindal: 174; Herøy: 23

En rekke av vognavna inneholder gårds- eller bruksnavn som ledd i navnet. I mange tilfeller har disse gårds- og bruksnavna allerede en vedtatt form, eller de har en godkjent form som kan brukes. I en god del tilfeller er det likevel slik at gårds- og/eller bruksnavnet har flere godkjente former. Det er da ikke nødvendigvis slik at kommunen ønsker den beste formen, eller at denne står på navneenhetsplassen i SSR. I mange tilfeller kan det dessuten være tvil om hva som er den beste formen. I slike tilfeller ber vi Kartverket reise navnesak på gårds- og/eller bruksnavnet før vi gir råd om skrivemåte.

Ut fra de tilbakemeldingene vi får, ser vi at kommunene i mange tilfeller følger våre tilrådinger der vi har foreslått en annen skrivemåte enn den kommunen ønsker. I en god del tilfeller gjør de det imidlertid ikke. I de tilfellene der kommunene åpenbart bryter med bestemmelser i stedsnavnloven i sine vedtak, klager gjerne Kartverket på vedtakene. De fleste av kommunene som sender vedtak til oss, melder også inn vedtakene til Kartverket. Det er likevel mange kommuner som ikke sender de endelige vedtakene til oss eller til Kartverket. Stedsnavntjenesten for Midt-Norge sender kopi av alle råd om skrivemåte i adressenavnsaker til Kartverket.

Vi ber spesifikt i tilrådingsbrevene våre om at kommunene melder inn vedtakene sine til Stedsnavntjenesten og til SSR (og bruker fet skrift og henviser til lov om stadnamn for å understreke alvoret). Vi har merket en liten bedring i innrapporteringen av vedtak etter dette. Man kunne også ha sendt purring til kommunene om dette i de tilfellene der man ikke får sendt inn vedtak. Vi har imidlertid ikke ressurser til dette for tida.

Kjersti Bruvoll  
kjersti.bruvoll@ntnu.no

## NORMERING OG BRUK AV NAMN

### SPRÅKRÅDET VISER VEI TIL RIKTIG ADRESSENAVN

Samtlige kommuner i landet skal nå ha mottatt brosjyren *Navnsetting av gater og veier*. Denne utgivelsen fra Språkrådet må ses i sammenheng med bestemmelsen i forskrift om eiendomsregistrering (matrikkelforskriften) § 51, som pålegger kommunen å tildele alle gater, veier, stier, plasser og områder som blir brukt til offisiell adressering, et navn som er entydig innanfor kommunen. Dette påleggget blei innført når lov om egedomsregistrering (matrikkellova) trådte i kraft 1. januar 2010.

Kartverket har påtatt seg et særlig ansvar for å følge opp dette arbeidet og har blant annet utgitt en adresseveileder som er tilpassa regelverket i matrikkellova og matrikkelforskriften. Kartverket har som mål at alle skal ha veiadresser innen 2015.

#### Litt om brosjyrens forhistorie

Retningslinjene for valg av adressenavn bygger på ulovfesta navngivingsprinsipper. Tidlig på 1980-tallet (2. utgave kom i mars 1983) ga Kommunalforlaget ut boka *Kommunal oppmåling*, ei håndbok til (den nå oppheva) lov om kartlegging, deling og registrering av grunneiendom (delingsloven). I den delen av boka som handler om adressenavn (s. 69–74) understrekkes det hvilken betydning navnetilfanget har både for språk og hjemstavnsfølelse i lokalmiljøet. Her listes det opp noen navngivingsprinsipper. Disse prinsippene er videreført i kapittel 5 i *Adresser og stadnamn del 1. Handbok i kommunal adressetildeling* (1986). Denne blei utgitt av Miljøverndepartementet i samarbeid med Statens kartverk og Norske Kommuners Sentralforbund.

Lov om stadnamn (stedsnavnloven) trådte i kraft 1. juli 1991. I 1993 kom *Adresser og stadnamn del 2. Stadnamn i offentleg og privat bruk* ut. I denne boka, som Kommuneforlaget ga ut, går forfatteren Botolv Helleland nærmere inn på det kommunale, fylkeskommunale og statlige navneansvaret. Denne boka er i sin helhet tilgjengelig på Språkrådets nettsider ([www.sprakraket.no](http://www.sprakraket.no)) under temaet stedsnavn. Loven er noe revidert siden tekstene blei skrevet, men innholdet i boka har fortsatt relevans, ikke minst for dem som arbeider med navnsetting i kommunene.

På midten av 1990-tallet fikk daværende sekretær for Stedsnavntjenesten for Østlandet og Agderfylka, Terje Larsen, i oppdrag av Kulturdepartementet å utarbeide en brosjyre om normering av stedsnavn på grunnlag av lov om stadnamn. Utkastet til denne brosjyren var noe mer omfattende enn brosjyren *Navnsetting av gater og veier* som nå foreligger. Arbeidet med den opprinnelige brosjyren blei imidlertid stoppa da det blei klart at steds-

navnloven skulle evalueres. Denne evalueringa endte med at stedsnavnloven blei revidert. Den nye loven trådte i kraft i 1. august 2006.

Stedsnavnloven blei igjen tema i Stortinget i 2008–2009 da Øyvind Halleraker (H) og Olemic Thommesen (H) i et representantforslag gjorde framlegg om ei endring i loven som skal hindre at skrivemåten av et bruksnavn kan endres uten grunneiers samtykke. I februar 2013, fem år etter, er fortsatt ikke striden om bruksnavna avgjort. På grunn av foreslalte endringer i stedsnavnloven og bestemmelsen i matrikkelforskriftens § 51 valgte Språkrådet og stedsnavntjenesten nå å gi ut en brosjyre om adressenavn og kommunal navnsetting istedenfor en mer generell publikasjon om stedsnavn og stedsnavnloven.

### **Hva brosjyren inneholder**

*Navnsetting av gater og veier* bygger hovedsakelig på *Adresser og stednamn* (del 1 og 2). Språkrådet ønsker med denne brosjyren å støtte kommunene i adresseringsarbeidet ved å gi råd om hvilke navn en kan og bør velge, samt informere om de reglene som gjelder når skrivemåten av adressenavnet skal fastsettes. Formålet med brosjyren er å bidra til at nye navn som vedtas, blant annet skal passe på stedet, være varierte, og ikke minst at de skal være lett å skrive, lese og uttale. I det siste punktet ligger også et krav om at alle stedsnavn, også adressenavn og navn på andre kommunale navneobjekter, skal følge stedsnavnloven. Brosjyren tar også for seg prosedyren når nye navn skal velges og vedtas.

Prinsippene for navnevalget gjelder i første rekke adressenavn, men de samme navngivingsprinsippene vil stort sett kunne gjelde ved navnsetting av andre lokalitetstyper der kommunen har vedtaksmyndighet, for eksempel navn på hyttefelt, boligfelt, kommunale skoler, barnehager, sykehjem, kaier, havner, idrettsanlegg, bruer og veikryss.

### **Veien videre**

Kartverket opplyser på sine nettsider ([www.statkart.no](http://www.statkart.no)) at 539 000 personer fortsatt mangler veiadresse per januar 2013. Hver fjerde eiendom (606 000 eiendommer) har ikke veiadresse. Hele 75 kommuner, det vil si én av fem, har ingen veiadresser. Det er en reduksjon med sju kommuner sammenligna med tilsvarende tall for ett år siden. Fremdeles er det altså langt fram. Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Nord-Trøndelag er de fylka som kommer dårligst ut. I Oslo har alle veiadresser, og Vestfold og Akershus er nesten i mål med adresseringsarbeidet.

Etter at pressemeldinga om brosjyren blei sendt ut 7. februar i år, har innholdet i den blitt kjent gjennom ei rekke oppslag i ulike lokalaviser. Gjennom denne brosjyren har reglene for navn og navnsetting blitt mer tilgjengelige for dem som driver med adresser og adressetildeling i kommunen. Vi håper at brosjyren bidrar til at flere kommuner følger opp for-

pliktelsene sine etter stedsnavnloven. Det er gledelig at interessen for stedsnavn og stedsnavnbruk i kommunene synes å være stigende, og stedsnavntjenesten opplever en stadig økning i saker som gjelder adressenavn.

Brosjyren fins også på nynorsk, og begge versjonene kan lastes ned på nettsidene til Språkrådet, [www.språkrådet.no](http://www.språkrådet.no).

Ingvil Nordland  
ingvil.nordland@iln.uio.no

## NORNA-NYTT

### **REFERAT FRÅ NORNA-MØTE I HELSINGFORS 16. NOVEMBER 2012**

Det nye NORNA-styret som vart valt på den nordiske namnegranskarkongressen i Askov 6.–9. juni 2012, hadde sitt fyrste møte 16. november 2012 i Svenska litteratursällskapet i Helsingfors. Den nye norske representanten er Inge Særheim. Han har teke over etter Ole-Jørgen Johannessen. Dei viktigaste sakene på møtet var:

- Utgjevingar
- Komande NORNA-symposium
- Ein idébank for forskingsidéar
- Andre NORNA-prosjekt
- Nordisk namneforskning (litteraturkrønika)
- Namnebibliografien i regi av NORNA
- Utdrag på engelsk av NORNA-rapporter
- NORNAs heimeside og forskarregister
- Økonomi og stipend

Neste møte skal haldast til våren i København. Sjå elles nærmare om dei ulike punkta på heimesida til NORNA: [www2.sofi.se/NORNA/NORNA.html](http://www2.sofi.se/NORNA/NORNA.html).

### **NORNA-SYMPOSIUM I HALMSTAD 6.–8. NOVEMBER 2013**

I dagane 6.–8. november vert det arrangert eit NORNA-symposium i Halmstad i Halland, Sør-Sverige, med emnet «Innovationer i namn och namnmönster». I innbydinga seier arrangørane fylgjande:

Namn är en del av språk och samhälle därför för språk- och samhällsförändringar med sig nya behov och nya möjligheter för namngivning och namnforskning. Därför bör symposiets tema, «innovationer i namn

och namnmönster», uppfattas brett och vi välkomnar föredrag inom flera olika områden. Här ryms till exempel innovativa namn och namnmönster, etablering av namninnovationer, mångkulturella namn, litterära namn, namn på innovationer, attityder till nya namn och namnmönster liksom innovativa teorier, metoder och användningsområden. Som vi ser det inkluderas såväl ortnamn, personnamn som övriga namn i temat. Till symposiet kommer några föredragshållare att bjudas in för att belysa namnforskningen ur ett innovativt perspektiv.

Symposiet skal haldast på konferansestaden Tylebäck ved Halmstad. Deltagaravgifta er stipulert til 3000 svenske kroner som inkluderer enkeltrom med heilpensjon frå lunsj 6. november til lunsj 8. november, medrekna symposiemiddagen og ein halvdagsekspresjoner med vitjing på Halmstadgruppens konstmuseum Mjellby konstmuseum. Lokale arrangørar er Emilia Aldrin ([emilia.aldrin@hh.se](mailto:emilia.aldrin@hh.se)) og Linnea Gustafsson ([linnea.gustafsson@hh.se](mailto:linnea.gustafsson@hh.se)), Sektionen for humaniora. Førebels påmeldingsfrist er 1. mars 2013.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## ICOS-NYTT

### **INTERNASJONAL KONFERANSE OM NAMN OG NAMNGJEVING**

Eitt av dei landa i Aust-Europa som har markert seg som særskilt aktivt innanfor namnegranskning, er Romania. Og no inviterer landet til ein ny internasjonal konferanse om namn og namngjeving. Fylgjande tema er nemnde i invitasjonen: namn i det offentlege rommet, personnamn, stadnamn, med særleg vekt på det fyrste. Konferansen skal vera i Baia Mare i Romania i dagane 9.–11. mai 2013. Meir informasjon finn ein på nettstaden <http://onomastica.ubm.ro/en/participants.php>.

## FN-NYTT

### **KONFERANSE PÅ KORFU I HELLAS**

Dei to UNGEGN-arbeidsgruppene, arbeidsgruppa for eksonym og arbeidsgruppa for terminologi, har gått saman om å halda ein konferanse på Korfu i Hellas 23.–24. mai 2013. Leiaren for eksonym-gruppa er Peter Jordan frå Austerrike, og leiaren for terminologi-gruppa er Staffan Nyström frå Sverige.

## ANNA MELDINGSSTOFF

### NAMNEGRANSKING ATTER PÅ FLYTTEFOT

Fagavdelinga Namnegransking på Institutt for lingvistiske og nordiske studium (ILN) ved Universitetet er etter på flyttefot. Sidan 2004 har avdelinga hatt tilhald i det gamle Veglaboratoriet i Gaustadalleen 25. No skal denne bygningen rivast av di det skal lagast ein ny tilførselsveg for vidare utbygging i Gaustadbekkdalen. Namnegransking har fått nye, men monaleg trongare lokale i SINTEF-bygningen lenger vest, med adressa Forskningsveien 1A. Postadressa er den same som før: Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Norsk Ordbok 2014 flytter òg, men då til NEMKO-bygningen øvst i Gaustadalleen, så dermed vert det mangeårige hopehavet mellom ord og namn oppløyst.

Norsk stadnamnarkiv vart skipa i 1921 og hadde alt frå byrjinga eit skiftande tilvære, i Historisk museum, Regjeringsbygningen, Bergens Museum og Universitetsbiblioteket i Oslo. I 1962 vart arkivet flytt til 3. etasje i det nye Wergelands hus på Blindern, for så i 1971 å verta sendt i utlægd til Chateau Neuf på Majorstua, saman med Ordboksverket. I 1978 vart arkivet lagt inn under Universitetet i Oslo, fyrst som eige institutt, seinare som avdeling/seksjon og til slutt fagområde under ILN. I 1992 vart det flytting attende til Blindern med arkivsal og kontor i P. A. Munchs hus og derfrå som nemnt til Gaustadalleen 25 i 2004. Kor lenge tilhaldet vert i SINTEF-bygningen, er usikkert, men i den grad faget vert halde oppe, er det ynske om å koma attende til HF-bygningen på sjølve Blindern.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

### FORMIDLINGSPRIS TIL NAMNEGRANSKAR

På den årlege nyårsfesten til Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo, vart formidlingsprisen for 2012 tildelt professor Tom Schmidt ved Namnegransking. Han fekk prisen for den store namnevitskaplege produksjonen sin retta mot interesserte i lokalsamfunna. I grunngjevinga vart det mellom anna vist til namnebøkene frå Øystre Slidre og Vestre Slidre og den lange rekkja av utgjevingar i serien *Bustadnavn i Østfold*. I grunngjevinga vart det òg lyft fram at prisvinnaren hadde hatt medieoppslag mellom anna i Uniforum (avisa til Universitetet i Oslo), på forskning.no, i NRK, og at han har halde føredrag for ålmenta.

BH

## ADRESSENAMN MOT SVENSKEGRENSA

Nokre stader langs svenskegrensa vert svenske namn tekne i bruk som forledd i vegnamn, og spørsmålet er då om ein skal fornorska eventuelle svenske bokstavar eller halda på svensk stavemåte. Dette har vore drøft i Kartverket og stadnamntenesta, og det synest vera semje om at ein nyttar den endonyme forma, altså den som er nytta i svensk. Etterleddet skal likevel skrivast på norsk om ein nyttar *veg*. Dette prinsippet er også nemnt i handboka *Adresser og stadnamn* (s. 228). Stadnamntenesta for Austlandet har nyleg tilrådd skrivemåten *Vängsveien* i Marker om ein veg som går til den svenske bygda Väng.

BH

## ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

### STADIGE STADNAMN

*Kvar kjem du frå? Kvar skal du i ferien? Kvar bur du? Slike spørsmål får vi rett som det er, og svaret vårt er som oftast eit stadnamn. Sant å seia smyg stadnamna seg med i nesten alt vi gjer, men kva er eit stadnamn eigenleg?*

Vi kjem ikkje særleg langt med berre *her* og *der*, *hit* og *dit*. Stadnamna identifiserer eller peikar ut ein viss stad, og slik skaper dei orden og gjer verda vår meir oversynleg.

#### **Stadnamnet skjemmer ingen?**

Folk flest – ikkje berre namnegranskurar og ihuga lokalhistorikarar – har stor glede og mykje moro av stadnamn. Namna er stadig omtala i aviser, fjernsyn og på nettet, og ein svært omtykt sjanger er opplisting av særmerkte og fantasieggjande namn. Det seier seg vel sjølv at godbitar som *Drithol*, *Fittsprettmyra*, *Griserompa*, *Migbekken* og *Tissvassklumptjønnin* ofte kjem høgt opp på lista?

#### **Eldgamle slitarar**

Stadnamn flest er mildt sagt spreke for alderen. Svært mange av namna vi brukar i dag, er så gamle at det er plent uråd å slå endeleg fast kor gamle dei er. Vi kan seia med visse at tusenvis av stadnamna våre har vore i samanhengande bruk i godt og vel tusen år, dei eldste kan jamvel vera frå tida kring Kristi fødsel eller endå før. Forma på dei gamle namna har som

regel endra seg noko fram gjennom soga, men endå held dei seg godt og er ofte lette å kjenna att (t.d. gamalnorsk *Lautin* → *Løten*). Dessutan er det med stadnamn som med andre ord: Di meir vi nyttar dei, di meir slitesterke vert dei. Alder er såleis inga hindring; namna lever trygt så lenge dei er i bruk.

Vel å merka har vi òg mange unge stadnamn, for nye namn dukkar fram når gamle fell frå. Somme namn er jamvel flunkande nye, til dømes arbeider kommunane no med å gjeva vegadresse til alle bustader. Namngjevinga i dag skil seg like fullt frå namngjevinga i eldre tid. Då gjekk det nok slik til at namna voks fram og fastna ettersom folk kom til og tok i bruk nye og namnlause område, medan stadnamna i dag ofte vert fastsette gjennom vedtak – og ofte byggjer på eksisterande stadnamn (t.d. *Bærumsveien* av *Bærum*, gno. *Berg(h)eimr* ‘bergheim’).

### **Namn i tale og skrift**

Å skriva eit stadnamn er ikkje så endeframt som vi kanskje skulle tru. Størsteparten av stadnamna våre har vore – og er – fyrst og fremst nytta i talemålet i eit lokalsamfunn. Vi kan difor seia at det er den lokale, nedervde talemålsforma som *er* sjølve stadnamnet. Mange av namna har ikkje hatt ei skriftleg form før no i nyare tid, og om dei har hatt det, har skrivemåten i liten grad verka inn på uttalen. Godt er det, for mange namn har før hatt forvrengde skrivemåtar, særleg på 1600- og 1700-talet, som *Bierchelij* (Bjørklia), *Fanderumb* (Fannrem) og *Kaxuigenn* (Koksvika).

### **Normering av stadnamn**

I dag vert stadnamna stadig meir nytta i skrift, til dømes i adresser og på vegskilt, i aviser og i offentlege dokument, på kart og i vårmeldinga. Men korleis skal vi skriva namna?

Her gjeld det å halda tunga beint i munnen: Dei som fastset skrivemåten av stadnamn – Statens kartverk, fylkeskommune og kommune (jf. lov om stadnamn § 5) – må ta omsyn til både skriftradisjon, rettskrivingsreglar, etymologi og lokal uttale. Det er ynskjeleg å finna ein skrivemåte som ligg såpass nær talemålsforma at dei lokale brukarane kjenner att namnet, men skrivemåten bør òg vera slik at dei som ikkje er heilt støe i målføret, skjønar namnet. Ettersom stadnamna som oftast er samansette av vanlege ord, bør skrivemåten av stadnamn som hovudregel fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp. Dersom ein viss skrivemåte av namnet står sterkt i skriftradisjonen, må det òg telja med. Men kvifor er skrivemåten av stadnamn så viktig?

### **Lov om stadnamn**

Stadnamna er ikkje berre adresser i vid tyding, dei er jamvel ryggsterke kulturberarar. Dei fortel om kulturelle skikkar (t.d. *Ullensaker* av gude-

namnet *Ullinn*) og arbeidsliv (t.d. *Lindakeren*, *Kremmargarden*) i eldre tid, og dei gjev oss innsyn i det gamle mangfaldet av presise nemningar for ulike naturtilhøve. Difor har vi lov om stadnamn. I § 1 les vi at «[f]ormålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og tenleg, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna». I stadnamnlova finn vi mellom anna reglar for skrivemåten av stadnamn og føresegner om saksgangen i namnesaker.

### **Stadnamn som slektsnamn**

Mange stadnamn, først og fremst gards- og bruksnamn, er tekne i bruk som slektsnamn. Skrivemåten av slektsnamnet (t.d. *Vigh*, *Ødegaard*) er ofte noko ulik skrivemåten av stadnamnet (*Vik*, *Øydegard*), fordi slektsnamnet i mange tilfelle har utspringet sitt i gamle skrivemåtar frå 16–1800-talet. Jamvel om slektsnamnet og stadnamnet kan sjå nesten like eller heilt like ut, er det ein viktig skilnad mellom dei: Slektsnamnet er knytt til den einskilde personen og kjem inn under personvernet, medan stadnamnet vanlegvis er overlevert i ein ubroten munnleg tradisjon og er rekna som felleseiige. Normering av stadnamn er difor ei offentleg oppgåve. Ettersom stadnamnet som oftast er eldre enn slektsnamnet, er hovudregelen at vi ikkje tek omsyn til skrivemåten av slektsnamnet når vi fastset skrivemåten av stadnamnet.

### **Lekam og landskap**

Svært mange stadnamn skildrar terrenget og fungerer nesten som kart. Namna kan fortelja om landskapet er bratt eller flatt, blautt eller turt, tettvakse eller bert. Dessutan viser ein stor del av desse skildrande namna at forfedrane våre var skarpsynte og gode til å sjå likskapar mellom terrenget og kroppen: I stadnamna finn vi ofte ord som *nakken*, *skolten*, *aksla*, *ryggen* – alle kroppsdelar er representerte. Dei populære «kroppsfunksjonsnamna» er òg råkande skildringar, til dømes er *Migarberget* eit vanleg namn på berg som det sildrar vatn ut av.

Kristin Fridtun  
tidlegare sekretær i Stadnamntenesta for Midt-Noreg  
[kristin.fridtun@gmail.com](mailto:kristin.fridtun@gmail.com)

## FÆRØYANE – FÆRØYENE PÅ NYNORSK

Språkrådet har på nettsidene ei liste med utanlandske stadnamn med forklaring, fleire tusen namn i alt. Lista omfattar namn på statar og større område og på byar, elvar, fjell osb. Denne lista, «Geografiske namn», er ei vidareføring av boka *Geografilista*, som Språkrådet gav ut i 1991 med Vigleik Leira som redaktør.

Lista «Geografiske namn» har ein del dobbeltformer eller parallelldformer av namn. Det kan vere stader som har fleire namn i same landet, som *Brussel* el. *Bruxelles*, og stader som har eit norsk namn, eksonym, ved sida av eit endonym, som *Comosjøen* el. *Lago di Como*. I dei norske namneformene er det brukt berre hovudformer i rettskrivinga, ikkje klammeformer (sideformer). Lista er redigert med nynorske forklaringar og nynorskform føre bokmålsform der det ikkje er samform:

**Alpane/Alpene** fjellkjede i Europa

**Golfstraumen/Golfstrømmen** stor havstraum i Atlanterhavet

Mange namn har valfrie former i bokmål i bøyning av etterledd som fjell, vik, elv:

**Atlasfjella** bokmål også **-fjellene** fjellkjede i Nord-Afrika

**Bottenvika** bokmål også **-viken** den nordste delen av Austersjøen

Med rettskrivingsreforma for bokmål i 2005 vart det fleire valfrie former i lista, fordi tidlegare klammeformer vart vanlege rettskrivingsformer:

**Baffinbukta**, bokmål også **-bukten** havarm mellom Grønland og Canada

**Baffinøya**, bokmål også **-øyen** øy i Canada

I nynorsk har det knapt vore valfridom i skrivemåtane av desse utanlandske namna, men med rettskrivingsreforma i 2012 fekk eit ord som *øy* valfri fleirtalsbøyning *øyar*, *øyane* eller *øyer*, *øyene*. Den siste var før klammeform. Dermed må namn som *Færøyane* og *Falklandsøyane* få dobbelt namneform i nynorsk, den eine lik bokmålsforma. Denne endringa skal gjennomførast i lista «Geografiske namn».

Det kan hevdast at det er ein fordel med eineformer av namn, at dei bør ha éi form, og at former som *Færøyane* og andre med same endinga er godt innarbeidde i nynorsk. Språkrådet har likevel komme til at vi må behandle desse namna på same måten som andre ord. Ut frå praksis som har vore med desse namna, kan vi vanskeleg gjere unntak.

Nettsider:

[https://sprakradet.no/Sprakhjelp/Rettskrivning\\_Ordboeker/Geografiske\\_namn/](https://sprakradet.no/Sprakhjelp/Rettskrivning_Ordboeker/Geografiske_namn/)

Vigleik Leira: Jemen eller Yemen – åssen skriver vi utenlandske geografiske namn? *Språknytt* nr. 2/1998. [https://sprakradet.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt\\_1998/Spraaknytt\\_1998\\_2/Jemen\\_eller\\_Yemen/](https://sprakradet.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt_1998/Spraaknytt_1998_2/Jemen_eller_Yemen/)

Marit Hovdenak  
marit.hovdenak@sprakradet.no

## BOKOMTALAR

### **NAMN OCH BYGD 100 ÅR**

*Namn och bygd. Tidskrift för ortnamnsforskning.* Årgang 100. Red. Svante Strandberg. Uppsala 2012. 337 sider.

I 2009 kunne det norske tidsskriftet *Maal og Minne* markera hundreårsjubileumet sitt, og tre år seinare, i 2012, var turen kome til det svenske tidsskriftet *Namn och bygd* (NoB). På same måte som Magnus Olsen grunnla *Maal og Minne* og sat som redaktør for tidsskriftet i ein mannsalder, spela Jöran Sahlgren ei tilsvarande rolle for *Namn och bygd*, som grunnleggjar og hovudredaktør i heile 56 år. I 1969, med årgang 57, tok Harry Ståhl over som utgjevar, og frå 1985 Thorsten Andersson. Svante Strandberg tok over i 2006, og han er også hovudredaktør for jubileumsårgangen. Mellom dei tidlegare norske medlemene i redaksjonsnemnda var Magnus Olsen (årgangane 4–11) og Per Hovda (årgangane 50–84). I dei fyrste åra fekk tidsskriftet støtte frå Svenska Akademien og frå 1915 statleg tilskot. Frå 1940-årgangen tok Kungl. Gustav Adolfs Akademien over rolla som hovudsponsor. I seinare år har tidsskriftet motteke støtte frå Humanistisk-samhällsvetenskapliga forskningsrådet. Swedish Science Press har stått for prenting og distribusjon dei seinaste tjue åra (frå årgang 80), medan Almqvist & Wiksell stod for dette arbeidet i åra 1986–91. Før det, i perioden 1951–85 var Lundequistska bokhandeln produsent og distributør, det fyrste året i samarbeid med København-forlaget Ejnar Munksgaard, som hadde hatt ansvar for produksjonen sidan 1946. Før den tid hadde fleire andre forlag vore inne, mellom anna Akademiska bokhandeln, og i ein periode var *Namn och bygd* eige forlag.

Med den rolla *Namn och bygd* har hatt for nordisk stadnamngransking i eit sekel, var det all grunn til å markera hendinga. Det vart gjort med eit symposium på utgjevarstaden Uppsala 16.–18. februar 2012, med Kungl.

Gustav Adolfs Akademien som arrangør. I tillegg til dei «næraste» kring tidsskriftet var ei rad nordiske namnegranskarar inviterte til å halda foredrag. Velkomsttalen og dei andre føredraga (med eitt unnatak) er prenta i jubileumsårgangen. Til saman gjev dei sytten forfattarane eit breitt og engasjerande oversyn over mykje av det som har stått på dei mange tusen sidene sidan tidsskriftet såg dagens lys.

Etter eit kort føreord av Svante Strandberg opnar jubileumsårgangen med eit velkomstord av preses i Kungl. Gustav Adolfs Akademien, Lennart Elmhevik. Han gjer stutt greie for redaktørar og redaksjonsnemnder og dei ytre tilhøva ved tidsskriftet og framhevar sjølv sagt den rolla Jöran Sahlgren har hatt for *Namn och bygd* i over halvdelen av den lange utgjevingsperioden. Han avsluttar med å æra den som ærast bør: «Och äras bör Namn och bygd, snart ett sekel gammal, värdens äldsta och länge enda specialtidskrift för ortnamnsforsking. Vivat, crescat, floreat!» (s. 10). [Måtte det leva, veksa, bløma.]

Heile tretten av artiklane har «Namn och bygd» som ein del av overskrifta, men òg dei andre fire knyter seg til ulike tema som har vore drøfta i tidsskriftet. Svante Strandberg tek i sin artikkel opp tendensar og utviklingsliner i *Namn och bygd* gjennom hundre år. Han gjer greie for redaktørar og medredaktørar, tal artiklar, omfang av dei trykte arbeida og i stikkords form emne for mange av artiklane. Han konstaterer at lengda varierer, og at det har vore ein tendens til auka lengd i seinare årgangar. Men dei eldre årgangane 2 og 24 skil seg ut med sine godt over 300 sider – rett nok var desse òg publiserte som festschrift til Adolf Noreen og Bengt Hesselman. Dei lengste artiklane går opp mot hundre sider, men det finst òg tekstar så korte som under éi side. Mange av dei korte artiklane kjem inn under rubrikken «Smärre bidrag». Mange av dei som har skrive i *Namn och bygd*, har markert seg innanfor nordisk namnegransking. Slik sett kan ein seia at NoB er ein del av den stadnamnvitskaplege arven frå det 20. hundreåret.

Thorsten Andersson er den einaste som går i djupna av enkeltståande namneproblem. For norske lesarar er diskusjonen av øynamnet *Alsta* på Helgeland særleg interessant. Han ser *Alsta*, norr. *Alqst* < \*Álvost, som ei laging til eit samansett appellativ norr. \*álvqzt ‘«ålen» längs Alstad kust’ (s. 31, annleis i *Norsk stadnamnleksikon*). Lars-Erik Edlund ser på dei språkvitskaplege nedslaga i NoB. Lenge stod «Wörter und Sachen» som ein leietråd for stadnamngranskinga, altså at namna må sjåast i samanheng med det dei er namn på. Seinare ser han nedslag av generativ grammatikk og sosiolinguistiske perspektiv på namnematerialet. Kognitive tilnærmingar har òg gjort seg gjeldande i seinare år. Stadnamn og leksikonet har vore eit anna sentralt studieobjekt som har fått stort rom i NoB. Rekonstruksjon av gammalt ordtilfang gjennom stadnamn har vore omfatta av stor interesse

hjå mange, ikkje minst i Uppsala-miljøet. Lennart Elmevik tek for seg denne sida med døme frå NoB.

«Ortnamnsfonetik» er tittelen på føredraget til Staffan Fridell. Det er vel kjent at kunnskap om fonologiske tilhøve ofte er viktig i tolking av stadnamn. Fridell ser også på den motsette gangen, nemleg korleis ein kan nytta stadnamn til å påvisa visse dialektale endringar som elles er lite kjende. Deretter kjem Kristina Neumüller med eit oversyn over teoretiske vinklingar i stadnamnstudiet. Denne tilnærminga kom til syne i NoB frå 1960-åra. Det historiske aspektet har alltid stått sterkt i NoB-tradisjonen, ikkje minst har det kome til uttrykk når det er tale om mellomalderlege namnetypar. Dette er emnet til Birgit Eggert. Namn på *-torp*, *-ryd/-rud*, *-hester*, *-arv* og fleire vert sette inn i ein forskingshistorisk samanheng. Eva Nyman har også eit tematisk tilskot der ho konentrerer seg om hydronym i NoB. Ho konstaterer at dette er eit felt som tidleg kom til uttrykk i NoB, særleg galdt det innsjønamn. I seinare år har Svante Strandberg vore ein av dei som har arbeidt mykje med vassdragsnamn.

Språkkontakt sett gjennom stadnamn har vore tema for ei rad artiklar i NoB. Dette emnet tek Berit Sandnes for seg på ein kunnig måte. Ho nemner dei ulike måtane språkkontakten skjer på, som lån, omsetjing og vederlag, og diskuterer korleis desse ovringane kjem til uttrykk i område der nordiske språk er medaktørar. Inge Særheim tek i sitt føredrag for seg artiklar om sakrale stadnamn, til saman rundt seksti. Han finn at haldninga til sakrale stadnamn har skift gjennom tida. Meir enn to tredjedelar av artiklane rundt dette temaet vart publiserte i dei to fyrste tiåra, medan det i perioden 1930–1940 var langt færre. I seinare år har temaet atter kome opp, men då i meir kritiske tilnærmingar. Nestemann ut er Per Vikstrand med stadnamn og arkeologi, som òg er eit tema som har fått plass i tidsskriftet. Han strekkar under dei metodiske utfordringane som knyter seg til eit slikt tverrfagleg felt, men viser til at det har vore ei god og kritisk utvikling i tilnærminga. Sosioonomastisk stadnamngranskning er eit nyare felt som har fått plass i NoB. Terhi Ainala definerer det som «bruk, variation och förändring med beaktande av namnens hela sociala, kulturella och situationella kontext» (s. 209).

Deretter fylgjer tre artiklar som ser på NoB ut frå forfattarnasjonalitet. Bent Jørgensen gjev eit oversyn over artiklar av danske namnegranskarar, Lars Huldén tilsvarande for Finland og Tom Schmidt for Noreg. Dei mange ikkje-svenske medarbeidarane viser at NoB i stor mon har vore eit nordisk tidsskrift. Og når Vibeke Dalberg gjer greie for dei ikkje så få artikkel-forfattarane frå andre land enn dei nordiske, kan ein seia at den internasjonale karakteren er vel ivaretaken. Særleg i dei seinaste tiåra har NoB hatt artiklar på engelsk og tysk. Og så har NoB vore eit viktig forum for melding av stadnamnlitteratur. Staffan Nyström har talt opp 943 signerte meldingar og gjer greie for korleis dei fordeler seg på storleik, språk og form.

Årgang 100 vert avslutta med den vanlege krønika over nordisk stadt namnlitteratur. Heilt siste er det register over stadnamn som er omtala i årgangane 2011 og 2012. Ja, og ikkje å forgloyma ein «Uppsalasonett» av Lars Huldén, der heile arrangementet, både det faglege og det sosiale, vert fanga inn i sonettsjangerens faste mønster på fjorten verselinjer.

Det er all grunn til å gratulera og takka arrangørane og deltakarane på symposiet saman med redaktørane for jubileumsårgangen. Dette er eit viktig forskingshistorisk tilskot.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## VAL AV FØRENAMN

Emilia Aldrin: *Namnval som social handling. Val av förnamn och samtal om förnamn bland föräldrar i Göteborg 2007–2009.* (Namn och samhälle 24.) Uppsala Universitet, Uppsala 2011. 299 sider.

Særleg eit etternamn kan gje mange signal om geografisk opphav og sosial gruppe, men sidan etternamna tradisjonelt har vore automatisk overleverte og ikkje valde av kvar generasjon som førenamna, er dei ikkje så prega av folks smak og behag, for å seia det slik. Dei seinaste åra har me likevel sett at folk oftare enn før bryt tradisjonell bruk av etternamn ved individuelle val i namnsetjing av born og ved giftarmål og såleis nærmar seg dei individuelle vurderingane folk gjer i valet av førenamn.

Sidan førenamna framleis i større grad er valde eller plukka ut på eit nokså fritt grunnlag etter at oppkallingsskikkane har tapt terreng, vil signala dei sender ut, vera berarar av uttrykk for private kjensler og estetiske, ideologiske og sosiale vurderingar. Desse uttrykka kan vera resultat av umedvitne eller medvitne val av namn med bakgrunn i eiga livsrøynsle eller framtidsvoner for barnet. Namneval gjev såleis ein viss kunnskap om foreldra og korleis dei vil oppfattast av andre.

Denne doktoravhandlinga tek føre seg nettopp slike tema som dette, altså val av førenamn som ei sosial handling, med grunnlag i intervju, spørje-skjema, statistikk o.a. Gruppeundersøkinga er utførd blant foreldre i Göteborg med born fødde i 2007 og 2008.

Forfattaren finn at foreldres val av førenamn er ei viktig sosial handling. Gjennom namnevalet plasserer dei seg sosialt og bidreg såleis til ei viss identitetsskaping både for seg sjølv og barnet.

Sidan boka er ei fagleg avhandling, kan ho, som ventande er, vera fagleg krevjande, men emnet burde absolutt interessera også nordmenn. Dei

mekanismane som styrer namnevala til foreldra, burde vera like gyldige i Oslo som i Göteborg.

Olav Veka  
olav.veka@gmail.com

## **RAPPORT FRA INTERNASJONAL NAVNEKONFERANSE I DUBLIN**

*Placenames Workshop 2012. Theme: Management and dissemination of toponymic data online.* Fiontar, Dublin City University, Dublin 2012. (Rapporten er tilgjengeleg på internett på adressa [www.logainm.ie/placenames\\_2012/pdf/proceedings\\_imeachtai.pdf](http://www.logainm.ie/placenames_2012/pdf/proceedings_imeachtai.pdf).)

«Is móir onóir é do Fiontar, Ollscoil Chathair Bhaile Átha Cliath, an Cheardlann idirnáistúnta Logainmneacha 2012 a reáchtáil.» Slik begynner forordet, som oversatt fra irsk til norsk skal bety noe slikt som at Universitetet i Dublin i 2012 har vært vertskap for et internasjonalt stedsnavnseminar (en paralleltekst på engelsk følger til alt hell med). Seminaret fant sted 24.–25. august. Temaet var *forvaltning og spredning av toponymiske data online*. Den 186-siders rapporten består av fjorten artikler på engelsk, først en innledende hovedartikkel, resten seksjonsvis ordna bidrag, der vi kan lese om forskningen på og forvaltningen av stedsnavndata i forskjellige land.

Kanadiske Helen Kerfoot åpner det hele med «Geographical Names: a great global resource that should be clear to users and easily accessible». Kerfoot, som i perioden 2002–2012 var leder av UNGEGN (The United Nations Group of Experts on Geographical Names), tar utgangspunkt i at behovet for gode og lett tilgjengelige geografiske navnadata er til stede på en rekke områder av samfunnet i dag, særlig innenfor mange typer av forskning og kanskje framfor alt i nødhjelppositasjoner – det siste svært aktuelt i FN-sammenheng. Da FN-organisasjonen var ny, meldte det seg snart et behov for en slags standard for handteringen av geografiske navn. Av den grunn opprettet FN i 1959 en komité United Nations Group of Experts on Geographical Names (UNGEGN), som hadde sitt første møte i 1960 (og der vår egen Botolv Helleland har vært aktivt med siden 1987, i seineste tid som vararepresentant). I denne innledende hovedartikkelen lar Kerfoot oss bli kjent med UNGEGNs Word Geographical Names Database (<http://unstats.un.org/unsd/geoinfo/UNGEGN>). I sin nåværende form tar databasen sikte på å inneholde navn på alle verdens land og hovedsteder, dessuten alle byer over 100 000 innbyggere, presentert på alle FNs seks

offisielle språk (arabisk, kinesisk, engelsk, fransk, russisk, spansk). I tillegg arbeides det med å legge til lydfiler der uttalen av geografiske navn kan avspilles. Siste del av artikkelen går inn på andre navnedatabaser, som kan være nasjonale offisielle kilder og uoffisielle databaser og navnesamlinger av ulike slag.

Etter denne viktige innledende artikkelen følger tre om stedsnavnforskningen på De britiske øyer. Gwyn Jones tar for seg Wales, Dónall Mac Giolla Easpaig Irland. Peadar Morgan drøfter spørsmålet om parallelnavn i de områdene av Skottland som for noen tid tilbake har vært gælisk-talende. Seksjonen deretter er viet nordiske stedsnavn. Først ut er Norges representant, Botolv Helleland, med tittelen «*Placenames in Norway: research, storing, management and dissemination of the data*». Helleland opplyser først om den vanskelige situasjonen for navnforskningen i Norge, der tallet på stillinger i løpet av de siste tjue år er blitt redusert med mer enn 50 prosent. Deretter gir han en orientering om forskningsaktiviteten, først stedsnavn sett fra en teoretisk synsvinkel, deretter stedsnavngranskningen – arven etter Oluf Rygh, der en side i *Norske Gaardnavne* er blant illustrationene. Siste del handler om innsamling, digitalisering, standardisering og tilgjengelighet, instruktivt illustrert med et eksempel på digital kartfesting av navn fra dataskjerm. En liknende presentasjon har Leif Nilsson for Sverige, men mer kortfattet og ikke illustrert. Sirkka Paikkala fra Finland er i sin artikkel konsentrert om digitalteknikkens muligheter. Her får vi flere gode illustrasjoner på hvordan navnefrekvenser / forekomster av ord i navn kan sorteres digitalt og framstilles på kart.

De resterende siste 90 sidene har tekniske løsninger for forvaltningen av toponymiske data som tema. Jean-René Côté orienterer om navnesituasjonen i den kanadiske provinsen Quebec, der majoriteten er fransktalende, men der miljøer med engelsk, eskimoisk og indianerspråk også er representert. Jacob King diskuterer behovet for og problemer med å få tilgang til pålitelige navnedata dersom det aktuelle språket, her skotsk-gælisk, bare har få brukere som behersker det. Michael B. Měchura og Brian Ó. Raghal-laignen demonstrerer en database for stedsnavn i Irland. Annika Palu og Andre Kaptein har en fyldig og rikt illustrert presentasjon av digitalt stedsnavnregister og adresesystem i Estland. Deretter følger en artikkel om samordning av forskjellige databaser i Irland.

Offisielle navnedatabaser er naturlig nok det som er mest vektlagt i rapporten, men i den siste artikkelen er det annerledes. Her orienterer Demont McNally, en kartofil internettveteran, om noe som nesten kan ses på som UNGEGN-databasens rake motsetning: *OpenStreetMap* (OSM), et verdensomspennende (og spennende!) åpent dataprosjekt som tar sikte på å kartlegge verden fra scratch ved hjelp av frivillig informasjon; altså geodataentusiastenes svar på Wikipedia. Her inviteres alle interesserte til å legge inn forskjellige typer relevant geografisk informasjon, også steds-

navn, der en ved hjelp av tagging kan operere med flere kategorier og navneformer på samme stedet, avhengig av forskjellig bruk og forskjellige brukergrupper. Et sted kan for eksempel være registrert med et uformelt navn (slengnavn), et alternativt navn, det kan ha et historisk belagt navn som er gått ut av bruk, og det kan ha navn på flere språk eller være skrevet med forskjellige skriftspråklige varianter.

I det hele tatt er *flere navn på samme sted på grunn av flerspråklighet* sterkt synliggjort i denne rapporten. I oppbygningen av digitale navnedatabaser vil en slik navnevariasjon være en normaltilstand, og det skaper en rekke nye problemstillinger og utfordringer. Ikke egentlig så mye på grunn av empirien, men mest fordi forvaltning og spredning av toponymiske data online innbyr til så enormt mange valgmuligheter og løsninger som ikke fantes tidligere.

Vidar Haslum  
vidar.haslum@uis.no

## STADNAMN I HORDALAND

Gunnstein Akselberg: *Fra Bontelabo til Ånuglo. Stadnamn i Hordaland.*  
Det Norske Samlaget, Oslo 2012. 379 sider.

Folk flest er interesserte i språk generelt og namn spesielt. Denne boka om stadnamn i Hordaland spring ut av ei språkspalte i NRK Hordaland som har vore på lufta i over femten år med forfattaren, professor Gunnstein Akselberg ved Universitetet i Bergen, som fagperson. Namna i denne boka er valde ut etter eit subjektivt skjønn med grunnlag i alle dei innsende spørsmåla om lokale stadnamn.

Godt to hundre stadnamn har fått ein fyldig omtale, frå strandlinja *Bontelabo* i Bergen til øynamnet *Ånuglo* i Tysnes, som begge er utolka, men forfattaren gjer greie for fleire teoriar om opphavet. Vestnorske øynamn av typen *Ånuglo*, *Stord* og *Moster* har ofte så høg alder at dei sjeldan er gjennomskodelege til og med for spesialistar som Akselberg.

Boka er geografisk avgrensa til Hordaland fylke og minner såleis om Inge Særheims *Stadnamn i Rogaland* frå 2007, men den siste er langt meir omfattande med om lag to tusen omtalte namn, dei aller fleste gardsnamn. På bakre omslag skriv forlaget at forfattaren tek for seg «hundretals namn» i fylket, men det må vera å ta for sterkt i.

Innhaldet er disponert etter dei fem geografiske regionane eller landskapa i Hordaland: Nordhordland (41 namn), Sunnhordland (35 namn), Hardanger (43 namn), Voss (41 namn) og Bergen (57 namn). Alle artiklane

er bygde over same malen med mindre variasjonar etter namnetypen: normalt form (me brukar øynamnet *Huglo* som døme), namnetype (øynamn og gardsnamn), naturforhold (haugliknande), eldre skriftformer (*Hugl* på 1200-talet), norrøn form (ikkje oppgjeven), tradisjonell uttale (/huglo/), namnelekkar (dersom det finst), namnetyding (liknar på ein haug), etymologi (same rota som norsk *haug* og tysk *Hügel* ‘haug’) og eventuelle referansar til andre namn (*Ånuglo*, *Hugla* i Nordland). Tonem er ikkje markerte, i dette tilfellet skal namnet uttalast med tonem 1: /'huglo/.

Sidan det ligg i korta at folk ikkje vil spørja om lett forståelege namn, kan forfattaren her konsentrera seg om stadnamn som både er gamle og lite gjennomskodelege og setja dei inn i ein større språkleg og kulturell samanheng. Medan eit leksikon som NSL berre kan spandera nokre linjer eller ein kort artikkel, kan forfattaren breia seg skikkeleg, *Huglo* på éi side mot 8 linjer i NSL, *Vinjo* på tre og *Voss* på fire sider. Det er sanneleg ikkje ofte at ein namnegranskare får så mykje plass til rådvelde, og godt er det. Leksikonartiklar med si knappe, konsentrerte og forkortingstette form er ein krevjande sjanger både fagleg og pedagogisk.

Fjellnamnet *Hårteigen* har fått ein fyldig omtale på mest to sider. Forfattaren nemner at førsteleddet *Hår-* m.a. kan setjast til norrønt *hár* ‘høg’, men det har lite for seg sidan det strid mot uttalen /haor-/ med halden *r*, eit indisium på at denne *r*-en må høyra til rota og altså ikkje er ei kasusmarkering. I alle døma forfattaren dreg fram med *hár* i førsteleddet, har denne *r*-en regelrett falle bort, som i *Håstein*, *Håvik* og *Håøya*.

Det ikkje heilt ukjende Ølse Mållag hadde i si tid ein medlemsstokk som ikkje stod i høve til namnet. Kvar Ølse låg, visste få, og namnet gjev ikkje mening. Kan du norrønt, er forklaringa enkel nok, og du finn henne i boka, i norrønt *Ylfir*, avleidd av *ulfr* ‘ulv’. At ingen lyttar har spurt om *Ølen* med ein overflatisk likskap med *Ølse*, er ikkje så underleg sidan denne kommunen i 2002 friviljug valde å gå inn i Rogaland fylke, men både *Bjoa*, *Innbjoa* og *Utbjoa* i Ølen har vore emne i radioprogrammet. Grunnen til at eg nemner *Ølen* særskilt, er at forfattaren kunne fått sagt – dersom det ville hjelpe – at namnet ingenting har med *øl* å gjera om nokon måtte tru det, og at det ikkje er bunden form av eit eventuelt ord *øl*. Tonemfeilen /'ø:len/ har snart teke knekken på den rette uttalen /'ø:len/. Som så mange andre eldgamle namn på Vestlandet er ikkje *Ølen* sikkert tolka.

Det er heller ingen som har spurt om *Fjelberg* i Sunnhordland, venteleg fordi folk flest vil oppfatta førsteleddet som *fjell*, men opphavet er meir komplisert enn som så, sjå NSL. Elles saknar eg ein fyldig og fagleg oppdatert omtale av fylkesnamnet *Hordaland* (har det noko med *Håra* i Røldal å gjera? *Hardanger*?), men det ser ikkje ut til at nokon har teke det opp. Derimot er namnet *Hardanger* fyldig og grundig omtalt der også *hordar* og dermed indirekte *Hordaland* er drege inn.

For ein ikkje-hordalending var det interessant å lesa om *Granvin*, *Storegraven* (Prestgarden) og *Lillegraven* (Skrivargarden). At dei to siste har noko med *Granvin* å gjera, måtte ein vera lokalkjend for å vita, og forfattarnamnet *Lillegraven* (Ruth Lillegraven) ville knapt nokon kopla til heimstaden Granvin. Pussig er det at forfattaren seier at *Storegraven* og *Lillegraven* er nytta i daglegtalen når det i *Norske Gaardnavne* heiter at dei «kaldes» *Prestgarden* og *Skrivargarden*, men det kan sjølv sagt ha vore ei namneendring sidan 1800-talet.

Forfattaren skriv flytande, lett og forståeleg om faglege emne, og boka er enkel å finna fram i med gode register. Dessverre har forlaget gjort lite for å gjera framstillinga lesarvennleg. Bilete manglar heilt endå dei på ein framifrå måte kunne illustrert namneartiklane til Akselberg. Eit bilet av den haugforma *Huglo* kunne vist poenget hans enkelt og greitt. Kart manglar også. For min eigen del saknar eg mest eit fylkeskart der eg kunne finna den geografiske plasseringa til t.d. *Huglo*. Det er ikkje alle som har eit noregsatlas liggjande for handa når ein les. Ei anna innvending gjeld formatet på boka, som er så lite i høve til dei snautt fire hundre sidene at det er mest uråd å leggja boka utbretta til sides utan eit dugeleg lodd for å hindra at ho klappar igjen. Trykk, omslag og papir er av god kvalitet.

Sidan radioprogrammet «Språkspalta» har vore på lufta i heile femten år, seier det noko om kvalitet, popularitet og interesse. Fleire lokalradioar burde ta opp dette temaet som utan tvil vil styrkja interessa for stadnamn og ikkje minst formidla fagkunnskap og rydda unna misforståingar og folketymologiar som kan vera ganske seigliva. Denne boka er eit godt bidrag til slik opplysning.

Olav Veka  
olav.veka@gmail.com

## ***ONOMA 44 OG 45 UTKOMNE***

*Onoma. Journal of the International Council of Onomastic Sciences* vol. 44 (2009). *African onomastics*. Red. Adrian Koopman. Peeters, Leuven [2011]. 257 sider.

*Onoma. Journal of the International Council of Onomastic Sciences* vol. 45 (2010). *History and significance of onomastics in diachrony and synchrony*. Red. Maria Giovanna Arcamone. Peeters, Leuven [2012]. 299 sider.

Det internasjonale tidsskriftet *Onoma* har kome ut med to nye årgangar. Årgang 44 med *African onomastics* [Afrikansk namnegransking] som tema

har sørafrikanaren Adrian Koopman som gjestedektor, medan italienaren Maria Giovanna Arcamone har vore gjestedektor for årgang 45 med titelen *History and significance of onomastics in diachrony and synchrony* [Historie og relevans av namnegransking i diakroni og synkroni]. *Onoma* har lenge lege etter når det gjeld utgjevingstidspunktet for dei einskilde årgangane, men halar no innpå slik at dei neste årgangane kan koma ut til rett tidspunkt. Dette er forresten noko mange liknande utgjevingar slit med.

Med nr. 44 får me eit breitt oversyn over namnevitskapleg aktivitet i Afrika. I ein redaksjonell artikkel gjer Koopman greie for stoda på dette kontinentet. Han viser til at det berre er eitt namnfagleg tidsskrift for heile dette store området, og det er *Nomina Africana*, utgjeve av Names Society of Southern Africa (NSA), men han skulle gjerne sett større aktivitet i andre delar av Afrika. Og han vonar NSA kan få det meir vidtgåande innhaldet Names Society of Africa. Koopman har sett saman ein namnebibliografi på 237 nummer og vonar med det å ha fått med dei fleste relevante utgjevingane, sjølv om han medgjev at det er vanskeleg å ha full oversikt. Heilt opplagt er Sør-Afrika det førande landet innanfor afrikansk namnegransking, men andre miljø er i vekst.

I tillegg til innleiingsartikkelen og bibliografien inneheld denne årgangen elleve artiklar av åtte ulike forfattarar. Koopman sjølv har skrive to artiklar til, den eine om namn på zulu-skular og butikkar, den andre om personnamnsystemet i zulu. Han finn at bruk av særeigne og kreative namn var vanlegare før. No er zuluane meir innstilte på å velja moderne og populære namn. Themba Moyo skriv om namngjevinga i Malawi (tidlegare Nyasaland). Sjølv om kolonimakta har verka inn på namngjevinga både i stadnamn og personnamn, meiner han at det er einskildmenneska og ikkje staten som skal forma namneverket. Berthie Neethling tek for seg familienamn hjå xhosa-folket i Sør-Afrika og slår fast at dette er eit relativt nytt fenomen; tidlegare var ulike former for skildrande tilnamn nytta for å identifisera den einskilde. Så kjem det to artiklar av Nkem Okoh, den eine om form og tyding av namn på enuani (ein dialekt i Nigeria), den andre om det positive i det negative i enuani-namn. Innverknad frå klick-språket khoisan på stadnamn i Sotho i Sør-Afrika er emnet for artikkelen til Peter Raper, medan den finske Minna Saarelma tek for seg afrikanske og europeiske personnamnsystem i samanliknande perspektiv. Til sist kjem Mark Van de Velde med ein diskusjon om semje som grammatisk kriterium for namnestatus i bantuspråket kirundi i Tanzania. Det er med andre ord eit mangfaldig bilet av afrikansk namngjeving årgang 44 av *Onoma* byd på.

Årgang 45 av *Onoma* opnar for ei rekkje andre vinklingar innanfor namnegransking. Når utgangspunktet er den rolla namnegransking har spela, både i eit synkront og diakront perspektiv, femner ein jo vidt. Så får me òg ei rekkje tyngdepunkt presenterte av framståande granskurar, anten det no er på engelsk, fransk eller tysk. Heftet inneheld femten artiklar av like

mange forfattarar. Gjestedektoaren, Maria Giovanna Arcamone (Pisa, Italia), gjer i sin introduksjonsartikkel greie for bakgrunnen for temavalet og gjev ei kort oppsummering av dei einskilde artiklane. Salih Akin tek opp eit nasjonalistisk problem, nemleg tilhøvet mellom kurdiske og tyrkiske namn. Emilie Aussant drøfter namneanalyse i lys av dei paniniske grammatiskarane (ein indisk grammatisk tradisjon). Deretter kjem Peter Ernst med eit meir kjent tema, nemleg motiv for namngjeving. Angelo Garovi undersøkjer eit anna velkjent problem, det er bruken av lokale stadnamn på kart og korleis kartprodusentane kan koma i utakt med oppfatninga til lokalfolk. Neste medarbeidar i denne årgangen er Thomas Gasque, som gjer greie for det amerikanske namnelaget American Name Society (ANS) og tidsskriftet *Names* i eit internasjonalt perspektiv (fyrste nummer av *Names* kom i 1953). Edgar Hoffman gjev eit oversyn over namnegranskinga i det slaviske språket sorbisk, medan Volker Kohlheim drøfter namnegransking og mentalitetshistorie. Afrika er representert med ein artikkel av Livingstone Makondo; hans tema gjeld zimbabwisk namnegransking og i kva grad ho står ved eit vegskilje. Det juridiske aspektet er emnet til artikkelen til Giovanni Martini. Så kjem det atter eit historisk retta arbeid av Roland Puhl; han skriv om framveksten av borgnamn i Pfalz i Tyskland. Tilhøvet mellom namn og politikk er emnet til Patxi Salaberri, og då ut frå tilhøva i dei baskiske områda. Gérard Taverdet har arkeologi og namnegransking som emne og drøfter dei ulike metodeproblema i møtet mellom dei to disiplinane. Ei anna tverrfagleg vinkling står Joan Tort-Donad for i artikkelen om tilhøvet mellom stadnamngransking og geografi. Og så til slutt kjem Jürgen Udolph med namnegransking og genetikk, for så vidt òg ei tverrfagleg tilnærming.

Det er altså mykje interessant lesnad å finna i desse to nye årgangane av *Onoma*. Det løner seg å vera medlem i ICOS (International Council of Onomastic Sciences), då får ein hefta fritt tilsende. Nærare opplysningar om medlemskap får ein hjå kasseraren Staffan Nyström, på e-post [staffan.nystrom@nordiska.uu.se](mailto:staffan.nystrom@nordiska.uu.se). Forlaget Peeters har denne nettadressa: <http://poj.peeters-leuven.be>.

Botolv Helleland  
[botolv.helleland@iln.uio.no](mailto:botolv.helleland@iln.uio.no)

## OMTALAR AV MASTEROPPGÅVER

### HALDNINGAR TIL GATENAMN I OSLO

Erlend Tidemann: *Holdninger til gatenavn i Oslo*. Masteroppgåve i nordisk språkvitskap, Universitetet i Oslo, hausten 2011. 118 sider + 15 sider vedlegg.

Opp gjennom historia har det vore mange og mangslungne stridar om gatenamna, og gatenamna som politiske tekstar analyserer Erlend Tidemann i masteroppgåva *Holdninger til gatenavn i Oslo* ved ILN, UiO 2011.

Som utgangspunkt for analysen tek Tidemann denne teoretiske og analytiske posisjonen: Ideologiar og verdiar er knytte til gatenamn – dei har ikkje berre referansefunksjon. Gatenamna er reklameplakatar. Memorialnamn kan uttrykke og sementere historieforteljinga til namngjevaren. Likevel er det sjeldan eller aldri dette som er den opne grunngjevinga for namnforsлага – då heller estetiske eller praktiske grunnar. Den politiske og retoriske argumentasjonen for og imot gatenamn er derfor ofte vikarierande.

Tidemanns problemstilling endar i ein hovudhypotese om at dei politiske verdikonnotasjonane ved namna etter kvart blir reduserte hos folk. Metodane er ei spørjegransking og kjelder frå politisk behandling av stadnamn og sekundær litteratur. Tidemann er godt orientert om internasjonal og nasjonal litteratur om gatenamn, og det er særleg Maoz Azaryahus teoriar og granskningar av gatenamn i Berlin som har inspirert han.

Nasjonsbygginga og Venstres maktovertaking i Oslo kommune i 1895 resulterte i at eit tidlegare framlegg om gatenamn blei lagt vekk, og i at nye namn som var meinte å heidre norsk historie, blei fremja. Med framveksten av DNA får byen også ei *Marcus Thranaes gate* i 1914, og i 1923 blir *Graabeinsletta* – første namn med a-ending – vedteke. I 1926 behandlar bystyret saka «Gatenavnenes skrivemåte». Oslo Mållag hadde foreslått å få gatenamna skrivne i samhøve med det levande folkemålet i byen, og dette prinsippet er sosialistprofessor Edvard Bull einig i – men ikkje at dette vil seie landsmålsformer. For underskrivne som kjenner denne aktören frå annan namnestrid, er det interessant å sjå at dette normeringsprinsippet – folkemål som ikkje-landsmål – er gjennomført hos denne revolusjonære sosialisten.

Høgremannen Nils Vogt – som stod i spissen mot namneskiftet *Kristiania – Oslo* i åra fram mot 1925 – hevdar at forma *gata* ville vere uttrykk for at det vulgære skulle vere einstydig med det demokratiske (s. 64). I 1938 blir forma *gata* vedteken i bystyret som standard.

Under krigen foreslo nazistane at gater med namn frå kongefamilien (Harald, Astrid) skulle døypast om med namn frå frontkjemparar. Like etter krigen blir *Keiser Wilhelms vei* omdøypt til *Holmenkollveien*. Det var på

tide å få vekk det tyske – også det tyske frå før nazistane. Sentrale politikarar og språkfolk hadde vore inne i gatenamnarbeidet opp gjennom åra: Rolf Stranger, Didrik Arup Seip – og Oskar Braaten blei etterfølgd av Einar Gerhardsen før krigen kom.

Det er i QuestBack-utspørjinga, som var open på nettet mellom 26. april og 30. juni 2011, at Tidemann finn resultat som det går an å lage statistikk av. Av dei som svarte, var SV-arane overrepresenterte, Frp-arane underrepresenterte, men framom alle mangla heimesitjarane; det var 22,4 prosent ved valet i 2009 – berre 4 prosent av respondentane hadde vore heimesitjarar. Til det vil eg seie: Rart er det ikkje – finn ein ikkje ork til å stemme, er det truleg endå mindre grunn til å svare på slike spørjegranskingsar.

Nokre av funna er: Stor motstand mot å kalle opp gater etter religiøse personar – omvendt for historiske personar, og så vil respondentane ha fleire gatenamn etter kvinner. Haldningane til forma *gata/-en* viste at Frp- og H-veljarane ville ha *-en*, SV og Raudt *-a*. Eit to tredjedels fleirtal ville ha *-a* i KrF og V, mens DNA var delt på midten. Heile 65 prosent meinte bydelane sjølve burde avgjere dette – ikkje bystyret. Nokon markert motvilje mot *Knut Hamsuns gate* kunne ikkje sporast.

I onomastisk teori er det éi retning som meiner at det appellative innhaldet i eit namn forsvinn gradvis etter at namnet blir leksikalisert – eit anna at det blir mentalt tradert. Diskusjonar rundt dette teorifeltet kunne ha styrkt analysen, for når Tidemann drøftar verdiar og konnotasjonar knytte til namnet *Arbeidergata*, er det dette han er oppteken av. Ja, for sjølve hypotesesvaret er det viktig. Gjennom å samanlikne haldningane til namn på namngjevingstidspunktet og haldningane han finn i eiga spørjegransking, konkluderer Tidemann med at det ikkje er slik at dei politiske verdiane ved gatenamna berre forsvinn med tida, men dei kan flytte på seg. Det å gje namn på gater er i vid forstand å utøve makt!

Tidemanns gransking er eit verdfullt bidrag til å skaffe ny kunnskap både innanfor onomastikk, politikk og språkhistorie. Den fremste teoretikaren hans, Maoz Azaryahu, presenterer Tidemann som ein føregangsfugur innanfor gatenamnsgransking i *samfunnsgeografien*. Det er godt for namngranskingsa at fagfeltet har mykje å hente frå andre vitskapsgreiner. Det viser Tidemanns masteroppgåve.

Roger Lockertsen  
 roger.lockertsen@uis.no

## NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI

### NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 2011

Norsk namnebibliografi femner um namnegrarlege arbeid av norske granskurar og arbeid av utlendske granskurar når dei tek upp norske namn eller melder norske publikasjonar. Bibliografien byggjer på litteraturupplysingar som redaksjonen sit inne med, og gjer ikkje krav på å vera fullstendig. Titlar som ikkje er komne med, kann takast med i bibliografien til næste år.

Klaus Johan Myrvoll  
k.j.myrvoll@iln.uio.no

- Akselberg, Gunnstein. Nokre fellestrekke ved vestnordiske stadnamn. I: *Vestnordisk språkkontakt gjennom 1200 år.* (Annales Societatis Scientiarum Færoensis. Supplementum 54.) Tórshavn, s. 159–179.
- Alhaug, Gulbrand. *10 001 navn. Norsk fornavnleksikon.* Oslo: Cappelen Damm. 482 s.
- Bjorvand, Harald. Rot og røtter – etymologi og stedsnavn. I: *Etymologiens plass i navnforskningen. Rapport fra NORNA-s symposium i Halden 11.–13. mai 2010.* Red. Ole-Jørgen Johannessen og Tom Schmidt. (NORNA-rapporter 87.) Uppsala, s. 31–47.
- \_\_\_\_\_. *Skåne – et øyrike? Namn och bygd* 99, s. 21–31.
- Brylla, Eva. [Melding av] *Botolv – onomastikkens harding. Veneskrift til Botolv Helleland på 70-årsdagen 9. juni 2010.* Red. Terje Larsen og Tom Schmidt. Oslo 2010. *Studio anthroponymica Scandinavica* 29, s. 171–174.
- \_\_\_\_\_. [Melding av] *Kristoffers namnerike. Veneskift til Kristoffer Kruken på 60-årsdagen 18. august 2010.* Red. Margit Harsson og Botolv Helleland. Oslo 2010. *Studio anthroponymica Scandinavica* 29, s. 188.
- Coleman, Nancy L. og Olav Veka. What's in a (Nordic) Name? *Scandinavian Review* (utg. av The American-Scandinavian Foundation) Spring 2011, s. 6–16.
- Dybdahl, Audun. To omdiskuterte skipreider og skipreidenavn i Trøndelag. Hvor lang var Langaskipreiða og hva het Jthrottar skipreiða egentlig? *Maal og Minne* 2/2011, s. 43–51.
- \_\_\_\_\_. Var Maurus eller Maura Nærøy kirkes dedikasjonshelgen? *Collegium Medievale* 24, s. 113–126. [«Hva kan navnematerialet fortelle om en Maurus-kult i Namdalen?», s. 123.]
- Ellingsen, Elling. *Tennevoll i Lavangen. Ett av flere navn med forleddet tenn(e)-. Nytt om namn* 53, s. 43–48.

- Elmevik, Lennart. Namnet *Torghatten*. Till försvar för en tolkning. *Namn och bygd* 99, s. 41–49.
- Harsson, Margit. Bygdenamnet *Idd* i Østfold. I: *Etymologiens plass i navneforskningen. Rapport fra NORNAS 39. symposium i Halden 11.–13. mai 2010*. Red. Ole-Jørgen Johannessen og Tom Schmidt. (NORNA-rapporter 87.) Uppsala, s. 193–204.
- Haslum, Vidar. *Skarvang. Gnr. 75. Bnr. 12. Sannidal herred, Kragerø, Telemark.* [118 stadnamn.] Innsamlet og kartfestet av Knut Asbjørn Skarvang. Utarbeidet av Vidar Haslum i samarbeid med Sannidal historielag. (Stedsnavn i Sannidal. En lokalhistorisk innsamling.) 16 s.
- \_\_\_\_\_. *Dobbe. Gnr. 76. Sannidal herred, Kragerø, Telemark.* [256 stadnamn.] Innsamlet og kartfestet av Torleif Dalen og Erik T. Saga. Utarbeidet av Vidar Haslum i samarbeid med Sannidal historielag. (Stedsnavn i Sannidal. En lokalhistorisk innsamling.) 40 s.
- \_\_\_\_\_. Noen bedre enn Kvarstein og Kvalbein? [Um variantar av gardsnamn i slektsnamn.] *Nytt om namn* 53, s. 38–43.
- \_\_\_\_\_. På sporene av en tapt språkkompetanse. Språklig rekonstruksjon i et onomastisk perspektiv. I: *Etymologiens plass i navneforskningen. Rapport fra NORNAS 39. symposium i Halden 11.–13. mai 2010*. Red. Ole-Jørgen Johannessen og Tom Schmidt. (NORNA-rapporter 87.) Uppsala, s. 119–132.
- \_\_\_\_\_. Antologi om eldre nynorsk språkhistorie. [Melding av] *Norsk språkhistorie i eldre nynorsk tid (1525–1814). Minneskrift for Kjartan Ottosson*. Red. Helge Sandøy og Ernst Håkon Jahr. Oslo 2011. *Nytt om namn* 54, s. 42–44.
- \_\_\_\_\_. Sakral tolkning av bostedsnavn på *-lund*. [Omtale av] Krister S. K. Vasshus: *Vestnorske offerlundar. Spor etter norrøn kultpraksis i vestnorske stadnamn*. Masteroppgave i nordisk, Universitetet i Bergen, høsten 2011. *Nytt om namn* 54, s. 48–49.
- \_\_\_\_\_. Personnavn på hver sin side av fjellet. [Omtale av] Halvor Gåsland: *Personnamn, ei kjelde til å spore historisk kontakt mellom Lærdal og Valdres?* Masteroppgave i nordisk, Universitetet i Bergen, høsten 2011. *Nytt om namn* 54, s. 49–50.
- \_\_\_\_\_. Personnavnene i to prestegjeld i Sogn og Fjordane. [Omtale av] Cecilie Frøysland: «*Fra Nicolaia og Chrispinus til Rakel og Moses*». *Personnavn og personnavnforråd i Jølster og Gloppen prestegjeld fra 1801 til 1900*. Masteroppgave i nordisk, Universitetet i Bergen, høsten 2011. *Nytt om namn* 54, s. 51–52.
- Heide, Eldar. Bodø-namna. *Namn og Nemne* 28, s. 57–63.
- Helleland, Botolv. Peter Hallaråker 1933–2011. [Nekrolog.] *Nytt om namn* 53, s. 32–34.

- . Tjue års praktisering av lov om stadnamn – enno eit stykke att. Innlegg på samrådingsmøtet 2011, Bergen 18.–19. oktober. *Nytt om namn* 54, s. 10–11.
- Hoel, Kåre. *Bustadnavn i Østfold 10. Aremark*. Utg. av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, ved Margit Harsson. Oslo: Novus forlag. 365 s.
- Hovdenak, Marit og Nina Teigland. Bruk av oppkallingsnavn på norske petroleumsfelt. *Nytt om namn* 54, s. 22–24.
- Johannessen, Ole-Jørgen. Nordisk namnforskning 2010. 2.5. Norge. *Namn och bygd* 99, s. 158–164.
- . *Olav og Anna*. Innlånte navn og nordiske navn på 1500- og 1600-tallet. I: *Norsk språkhistorie i eldre nynorsk tid (1525–1814). Minneskrift for Kjartan Ottosson*. Red. Helge Sandøy og Ernst Håkon Jahr. Oslo, s. 71–96.
- Johannessen, Ole-Jørgen og Bjørn Ringstad. Jernalder og samfunn på Nordvestlandet. I: *Navnemiljøer og samfund i jernalder og vikingetid. Rapport fra NORNA-s 38. symposium i Ryslinge 12.–15. mai 2009*. Red. Lisbeth Eilersgaard Christensen og Bent Jørgensen. (NORNA-rapporter 86.) Uppsala, s. 117–176.
- Johannessen, Ole-Jørgen og Tom Schmidt (red.). *Etymologiens plass i navneforskningen. Rapport fra NORNA-s 39. symposium i Halden 11.–13. mai 2010*. (NORNA-rapporter 87.) Uppsala: NORNA-förlaget. 212 s.
- Kinn, Torodd. Førenamnsgeografi i Bergenhus-amta i 1801. *Studia anthroponymica Scandinavica* 29, s. 63–104.
- . Førenamnsgeografi i 1801: Nordmøre, Romsdal og Sunnmøre. *Namn og Nemne* 28, s. 27–56.
- . *Isaline* – eit sjeldsynt namn. *Maal og Minne* 2/2011, s. 137–142.
- . Namna *Desiderius*, *Desideria* og *Diss* i Sunnfjord. Ein genealogisk støtta studie av ei namnegruppe. *Namn og Nemne* 28, s. 8–26.
- Kompenlien, Arild. Norske navn i 1743. *Genealogen* 1/2011, s. 30–31.
- Korslund, Frode. Navnet *Oslo*. Et tilsvær til Harald Bjorvands artikkel Oslo i *Namn och bygd* 96. *Namn och bygd* 99, s. 87–93.
- Langekiehl, Atle Steinar. Opstad-ætten i Tune. *Norsk slektshistorisk tidskrift* XLIII, s. 43–68. [«Sukel Roastad og mannsnavnet *Sakulfr*», s. 59–60.]
- Myrheim, Frode. *Am* eller *Amb*, *Ola* eller *Ole* – hossen skal ein skrive namna? *Nytt om namn* 53, s. 48–49.
- . Ein siger i ei mørketid. [Um skrivemåten av gardsnamn i bygdebokverk.] *Nytt om namn* 54, s. 14–15.
- Myrvoll, Klaus Johan. Skaldedikt som kjelda til etymologi og ljodleg vokster av norske namn. I: *Etymologiens plass i navneforskningen. Rapport fra NORNA-s 39. symposium i Halden 11.–13. mai 2010*. Red. Ole-Jørgen

- Johannessen og Tom Schmidt. (NORNA-rapporter 87.) Uppsala, s. 105–118.
- Nedrelid, Gudlaug. [Melding av] Ivar Utne: *Hva er et navn? Tradisjoner. Navnemøter. Valg av fornavn og etternavn*. Oslo 2011. *Namn og Nemne* 28, s. 135–139.
- Nordland, Ingvil. Navnsetting av gater og veier. *Nytt om namn* 53, s. 11–20.
- Røsstad, Rune. Kva fortel kjeldene om innovasjonen *dl* i norsk? *Maal og Minne* 2/2011, s. 96–119. [«Skrivemåtar av gardsnamn», s. 104–109.]
- Schmidt, Tom. Jernalderens navnemiljø i Slidre i Valdres. I: *Navnemiljøer og samfund i jernalder og vikingetid. Rapport fra NORNA-s symposium i Ryslinge 12.–15. maj 2009*. Red. Lisbeth Eilersgaard Christensen og Bent Jørgensen. (NORNA-rapporter 86.) Uppsala, s. 225–243.
- \_\_\_\_\_. Navnegranskningens plass i *Maal og Minne* – og fagets stilling i dag. I: *Nordiskfaget – tradisjon og fornying*. Red. Jon Gunnar Jørgensen og Lars S. Vikør. Oslo, s. 112–126.
- Simensen, Erik. [Melding av] *Fjöruskjaljar. Afmælisrit til heiðurs Jónínu Hafsteinsdóttir sjötugri 29. mars 2011*. Reykjavík 2011. *Nytt om namn* 53, s. 61–62.
- Stemshaug, Ola. Havbrua. *Årbok for Fosen* 2011, s. 25–34.
- \_\_\_\_\_. Nordheim og Nautan. *Namn og Nemne* 28, s. 77–89.
- Strandberg, Svante. [Melding av] Gulbrand Alhaug: *10 001 navn. Norsk fornavnleksikon*. Oslo 2011. *Namn och bygd* 99, s. 185–186.
- Særheim, Inge. Ein gard på kvar hol. Om namnemiljø og sentralitet i eit sørvestnorsk jordbruksamfunn i jernalderen. I: *Navnemiljøer og samfund i jernalder og vikingetid. Rapport fra NORNA-s symposium i Ryslinge 12.–15. maj 2009*. Red. Lisbeth Eilersgaard Christensen og Bent Jørgensen. (NORNA-rapporter 86.) Uppsala, s. 301–314.
- \_\_\_\_\_. *Hafrsfjord* og nokre andre stadnamn kring fjorden på Nord-Jæren. I: *Tverrfaglige perspektiver* 2. Red. Marianne Nitter. (AmS-Varia 53.) Stavanger, s. 5–14.
- \_\_\_\_\_. Nokre kjelder som gjev opplysningar om sørvestlandsk mål i eldre nynorsk tid. I: *Norsk språkhistorie i eldre nynorsk tid (1525–1814). Minneskrift for Kjartan Ottosson*. Red. Helge Sandøy og Ernst Håkon Jahr. Oslo, s. 108–123. [«Stadnamna som språkhistoriske kjelder», s. 108–112.]
- \_\_\_\_\_. Våre eldste stadnamn – viktige språkhistoriske kjelder. I: *Etymologiens plass i navnegranskningen. Rapport fra NORNA-s symposium i Halden 11.–13. mai 2010*. Red. Ole-Jørgen Johannessen og Tom Schmidt. (NORNA-rapporter 87.) Uppsala, s. 181–191.
- \_\_\_\_\_. [Melding av] Margit Harsson: *Leksikon over norske rud-namn frå mellomalderen*. Oslo 2010. *Namn og Nemne* 28, s. 122–127.

- Todal, Jon. Norske stadnamn og sørsamisk historie. [Melding av] Leiv Olsen: *Sørsamisk historie i nytt lys*. Tromsø 2010. *Nytt om namn* 53, s. 57–59.
- Utne, Ivar. *Hva er et navn? Tradisjoner. Navnemoter. Valg av fornavn og etternavn*. Oslo: Pax Forlag. 222 s.
- \_\_\_\_\_. [Melding av] Nancy L. Coleman og Olav Veka: *A Handbook of Scandinavian Names*. Madison 2010. *Navn og Nemne* 28, s. 108–122.
- \_\_\_\_\_. [Melding av] Gulbrand Alhaug: *10 001 navn. Norsk fornavnleksikon*. Oslo 2011. *Navn og Nemne* 28, s. 127–134.
- Veka, Olav. Kva er eit namn? [Melding av] Ivar Utne: *Hva er et navn? Tradisjoner. Navnemoter. Valg av fornavn og etternavn*. Oslo 2011. *Nytt om namn* 53, s. 59–61.
- \_\_\_\_\_. Stort navneleksikon. [Melding av] Gulbrand Alhaug: *10 001 navn. Norsk fornavnleksikon*. Oslo 2011. *Nytt om namn* 54, s. 39–42.
- \_\_\_\_\_. Gamle sanningar for fall? [Melding av] *Etymologiens plass i navnforskningen. Rapport fra NORNAS 39. symposium i Halden 11.–13. mai 2010*. Red. Ole-Jørgen Johannessen og Tom Schmidt. Uppsala 2011. *Nytt om namn* 54, s. 44–46.
- Vaaje, Agnar Tore. Digital bearbeiding av stedsnavn i Vegårshei. *Nytt om namn* 53, s. 50–56.
- Wiggen, Geirr. Anagrammatiske og bakvendte personnavn: Nye eksempler og drøftinger. *Navn og Nemne* 28, s. 65–76.
- Windt-Val, Benedicta. Den nordiske navnerenessansen – forutsetninger, forløp og resultater. *Studia anthroponymica Scandinavica* 29, s. 105–122.
- \_\_\_\_\_. [Melding av] *Names in multi-lingual, multi-cultural and multi-ethnic contact. Proceedings of the 23rd international congress of onomastic sciences August 17–22 [2008]*. York University, Toronto, Canada. Red. Wolfgang Ahrens et al. CD-rom. I–VI. Toronto 2009. *Studia anthroponymica Scandinavica* 29, s. 189–197.

## 2010 – tillegg

- Kruken, Kristoffer. Namnedagar og namnedagstradisjon. *Almanakkens historie. En jubileumsbok 2011*. Oslo, s. 148–153.
- Nedrelid, Gudlaug. Nachnamengebrauch bei norwegischen Frauen im Jahre 1801. I: *Atti del XXII Congresso Internazionale di Scienze Onomastiche. Pisa, 28. agosto – 4. settembre 2005*. Bd. 4. Pisa, s. 263–273.
- Stemshaug, Ola. 'n Hjalmar ån Hjallis. *Jul i Trøndelag* 2010, s. 12–13.



## **NASJONALE KONFERANSAR I NAMNEGRANSKING KONFERANSERAPPORTAR**

1. Nasjonal konferanse i namnegransking. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn.) 68 sider.
2. Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.) 93 sider.
3. Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.) 120 sider.
4. Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.) 194 sider.
5. Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn.) 149 sider.
6. Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.) 146 sider.
7. Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1993. Stadnamn og kulturlandskapet. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1995.
8. Den 8. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1996. Namnegransking som studie- og undervisningsfag. Seksjon for namnegransking. Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap. Universitetet i Oslo 1997. 169 sider.
9. Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking, Blindern 11. – 12. mai 2000. Namn gjennom 2000 år – namn i år 2000. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo 2000. 226 sider.
10. Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003. Gustav Indrebø og norsk namnegransking. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo. 130 sider.
11. Den 11. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 10. november 2006. Personnamn og personnamnbruk i kronologisk, geografisk og sosialt perspektiv. Foredraga er trykte i *Nytt om namn* nr. 44, s. 8–51, og nr. 45, s. 51–53.
12. Den 12. nasjonale konferansen i namnegransking. Språkrådet, Oslo 20. november 2009. Magnus Olsen som namnegranskar. Foredraga er trykte i *Nytt om namn* nr. 50, s. 52–92.

Rapportane frå dei åtte fyrste konferansane kostar kr 60,-, rapporten frå den niande kostar kr 100,- og rapporten frå den tiande kostar kr 70,-. Kan tingast frå Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Postboks 1102 Blindern, 0317 Oslo. Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: [kristoffer.kruken@iln.uio.no](mailto:kristoffer.kruken@iln.uio.no).

## **NYTTIGE E-POSTADRESSER OG VEV-SIDER**

Norsk namnelag har denne heimesida:

**www.norsknamnelag.no.** E-post: **olav.veka@gmail.com**

Vil du ha e-postkontakt med redaksjonen av *Namn og Nemne*, så er adressa denne: **ole-jorgen.johannessen@lle.uib.no**

Vil du tinga bøker og skrifter frå Namnegransking, kan du skriva, ringja, faksa eller senda e-brev til:

Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Boks 1102 Blindern, 0317 Oslo  
Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: **kristoffer.kruken@iln.uio.no**

ILN – Namnegransking har denne heimesida:

**www.hf.uio.no/iln/forskning/grupper/namn/index.html**

Dokumentasjonsprosjektet (stadnamn på nett): **www.dokpro.uio.no**

Forskargruppa i namnegransking ved UiB har denne nettsida:

**www.uib.no/fg/namnegransking**

Kartverket har denne heimesida:

**www.kartverket.no**

Sentralt stadnamnregister (Norgeskart):

**www.norgeskart.no**

Internettadresse for dei viktigaste nordiske namneinstitutta og kartverka:

Danmark: **http://nfi.ku.dk**, **www.kms.dk**

Færøyane: **www.setur.fo**

Finland: **www.kotus.fi/svenska**, **www.nls.fi**

Island: **nefnir.is**, **www.lmi.is**

Sverige: **www.sofi.se/namn**, **www.lantmateriet.se**

Heimesida åt NORNA (Nordisk samarbeidskomité for namnegransking):

**www.norna.org**

Heimesida åt ICOS (International Centre of Onomastics):

**www.icosweb.net**

Heimesida åt UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names): **unstats.un.org/unsd/geoinfo**